




Årsrapport om betalingssystem

2011

mai 2012



Årsrapport om betalingssystem 2011

❖NB❖ NOREGS BANK

Noregs Bank sitt ansvar og årsrapportering

Noregs Bank sitt ansvar på betalingsområdet

Noregs Bank skal arbeide for robuste og effektive betalingssystem. I sentralbanklova heiter det at Noregs Bank skal fremje eit effektivt betalingssystem innlands og overfor utlandet. Det gjer Noregs Bank i hovudsak på tre måtar:

- Vi syter for sikkert og effektivt oppgjer av betalingar mellom bankane på deira konti hjå oss.
- Vi syter for tilgang på norske setlar og myntar på ein måte som fremjar eit effektivt betalingssystem og gir god tryggleik mot forfalsking. Det gir òg tilgang til betalingsinstrument i situasjonar der andre betalingsinstrument ikkje står til rådvelde.
- Vi overvaker viktige utviklingstrekk i betalingssystemet og ser på korleis det kan bli meir robust og effektivt.

I tillegg gir betalingssystemloven Noregs Bank ansvaret for konsesjon og tilsyn med system for avrekning og oppgjer av pengeoverføringer mellom bankane (interbanksystem). Interbanksistema skal vere utforma og drifta slik at dei står opp under stabiliteten i det finansielle systemet. Noregs Bank fører tilsyn med at vilkåra for konseksjonane blir følgde, og kan supplere med ekstra krav til eigarane av sistema om det er naudsynt.

Noregs Bank og Finanstilsynet sitt arbeid med betalingssistema supplerer kvarandre. Noregs Bank har hovudansvaret for å sjå til at verksemda i interbanksistema er i samsvar med lova og konsesjonsvilkåra, medan Finanstilsynet har hovudansvaret for overvaking av dei kunderetta sistema for betalingstenester. Finanstilsynet fører mellom anna tilsyn med teknisk tryggleik og driftsstabilitet i sistema for betalingstenester. Finanstilsynet publiserer årleg ein risiko- og sårbarheitsanalyse som trekker fram viktige spørsmål i bruken av informasjons- og kommunikasjons-teknologi innafor finanssektoren. Noregs Bank og Finanstilsynet har regelmessig kontakt og utvekslar informasjon.

Årsrapport om betalingssystem

Rapporten blir publisert som ein del av arbeidet med å fremje robuste og effektive betalingssystem. Hovudstyret har behandla rapporten og teke han til etterretning. Rapporten har to hovuddelar. Del 1 drøftar utviklinga i kunderetta betalingsformidling, medan del 2 tek for seg interbanksystem. Dei to delane speglar Noregs Bank sitt ulike ansvar på dei to felta:

- Del 1 analyserer utviklinga i den kunderetta betalingsformidlinga og vurderer om og korleis den kan bli meir effektiv. Med unntak for arbeidet med kontantar, har Noregs Bank ikkje andre verkemiddel retta mot sistema for betalingstenester enn å publisere analysar og gje råd.
- Del 2 speglar Noregs Bank sine oppgåver og verkemiddel for overvaking av og tilsyn med interbanksystem og annan finansiell infrastruktur. Arbeidet har fokus på tryggleik og konsekvensar for finansiell stabilitet. Her blir det gjort greie for tilsynsaktiviteten og vurderingar med omsyn til tryggleik, og del 2 er dermed eit viktig komplement til rapporten om Finansiell stabilitet.

Målgruppa for rapporten er andre styresmakter, eigarar og operatørar av betalingssystem, finansinstitusjonar og deira bransjeorganisasjonar, bedrifter, media, akademia og økonomistudentar. For å bidra til empirisk kunn-kap om betalingar og betalingssystem blir statistikken lagt ut i eit maskinlesbart format.

Noregs Bank Oslo 2012

Adresse: Bankplassen 2
Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 22 31 63 83
Telefaks: 22 31 64 16
Reg nr: 0629/7
E-post: central.bank@norges-bank.no
Internett: <http://www.norges-bank.no>

Sentralbanksjef: Øystein Olsen
Visesentralbanksjef: Jan F. Qvigstad

Ansvarleg redaktør: Øystein Olsen
Omslag og grafisk utforming: Burson-Marsteller
Sats: Noregs Bank
Trykk: 07 Gruppen AS
Teksten er sett med 10,5 pt Times New Roman / 9 pt Univers

ISSN 1503 – 8602 (trykt)
ISSN 1503 – 8610 (online)

Innhald

Noregs Bank sitt ansvar og årsrapportering	2
Hovudpunkt	4
1 Kunderetta betalingsformidling	6
1.1 Bruk av kontantar	6
1.2 Kortbetalingar	8
1.3 Rekningsbetalingar	9
1.4 Prisar i og inntekter fra betalingsformidling	12
1.5 Tryggleik	12
1.6 Nye betalingstenester	14
1.7 Det europeiske betalingsområdet	15
Rammer	
Straksbetalingar	9
Internasjonale betalingskort	11
2 Interbanksystem mv.	17
2.1 Noregs Banks overvaking og tilsyn med finansiell infrastruktur	17
2.2 Interbanksistema i Noreg	23
2.3 Oppgjerssystem for verdipapir- og valutahandel	31
Rammer	
Norske interbanksystem	19
Forbetra løysing for oppgjør av statlege betalingar	21
Oppgjersrammer – "caps"	22
Nye internasjonale prinsipp for finansiell infrastruktur	24
Operasjonell svikt i ein bank – konsekvensar for oppgjøret i Noregs Bank	28
Drift av betalingssystemet under finansiell krise i enkeltbankar	30
Tiltak for å redusere risiko som er knytt til OTC-derivat	38
Referansar	39
Tabellar	41
Definisjonar og forkortinger	56
Forklarings til tabellane	61

Hovudpunkt

Det er viktig for ein velfungerande økonomi at kundetra betalingar kan gjennomførast raskt, sikkert og til låge kostnader. Noregs Bank overvaker og analyserer utviklinga i betalingsformidlinga. Med utgangspunkt i desse analysane meiner Noregs Bank betalingsformidlinga i Noreg er effektiv.

Det er likevel rom for forbetingar. Elektronisk kommunikasjon knytt til betalingar mellom føretak kan gi store gevinstar for samfunnet. Betalingskostnadene kan reduserast dersom fleire fakturaer blir utferra elektronisk. Statens krav om å få elektronisk faktura frå sine leverandørar frå sommaren 2012 kan medverke til dette.

Eit kjenneteikn ved eit effektivt betalingssystem er at det finst betalingsmiddel og betalingsinstrument som dekkjer ulike behov, slik at brukarane kan velje dei løysingane som passar dei best. Bankane bør ikkje avskjere tilboda publikum har til å skaffe seg kontantar, men heller styrke kostnadsdekninga på kontanttenester totalt sett. I praksis verkar dessutan kontantar framleis å vere den primære beredskapsløysinga for elektronisk betalingsformidling i bankane. Noregs Bank meiner bankane må ta høgde for det i planlegginga si.

Betalingstenestene endrar seg. Ny teknologi opnar for nye betalingsløysingar for eksempel gjennom å bruke mobiltelefon som betalingsinstrument. Nye måtar å handle på, med auka handel via internett, påverkar òg systema for betalingstenester. Nye aktørar utanfor banksektoren tilbyr betalingstenester. Bankane for sin del planlegg nye tenester og endringar i driftsmønsteret for interbanksistema som vil gjere betalingsformidlinga raskare. Såframt tryggleiken og driftsstabiliteten er god, er initiativ som gjer betalingsformidlinga raskare og meir effektiv, positive.

Sikker og stabil drift av IT-system er eit viktig vilkår for at betalingsformidlinga skal fungere effektivt. Det er systemeigarane som har ansvar for å sørge for at brukarane har tilbod om trygge og effektive løysingar, og for

at det eksisterer reserveløysingar som vil verke. Bankane har i stor grad sett bort drifta av IT-systema sine til eksterne datasentralar. Noregs Bank meiner at bankane må ta tydelegare ansvar for tenester som blir drifta av eksterne leverandørar, slik òg Finanstilsynet har peika på.

Alle overføringane mellom bankar skjer i interbanksystem, som er system for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom bankar. Det er avgjerande for finansiell stabilitet at interbanksistema fungerer som dei skal til kvar tid. Tapa som oppstår ved svikt i eit interbanksystem, kan bli store for samfunnet. Endringar i systema fører med seg risiko for operasjonelle problem. I 2011 var det fleire endringar i og rundt dei norske interbanksistema. Mellom anna innførde Noregs Bank eit nytt likviditetsstyringssystem, og det blei sett i verk ei ny løysing for oppgjer av betalingar for staten. Endringane blei gjennomførde utan negative utslag i drifta av sistema.

Den finansielle infrastrukturen består av ulike system for å registrere, avrekne eller gjøre opp betalingar, verdipapir, derivat eller andre finansielle transaksjonar. I overvaka av den finansielle infrastrukturen blir det lagt stor vekt på dei internasjonale prinsippa frå Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS). Noregs Bank har tidligare evaluert dei norske interbanksistema etter desse prinsippa og fann at sistema har ei tilfredstillande låg risiko. Det blir gjennomført årlege oppdateringar av evalueringa i lys av endringane i sistema. Noregs Bank meiner at norske interbanksystem held eit høgt internasjonalt nivå. Dei oppfyller i all hovudsak internasjonale standardar for beste praksis for slike system.

Finanskrisa viste kva robuste system kan ha å seie for at finansmarknadene og finansinstitusjonane skal fungere i periodar med stress. Internasjonalt går det føre seg arbeid for å styrke finansiell infrastruktur, blant anna for rente-, kredit- og valutaderivat handla utanfor børs. EU-kommisjonen har foreslått krav om registrering av alle slike derivat i handelsregister, oppgjer av eigna derivat gjennom sentral motpart og etablering av felles reglar for sentrale

motpartar. I tillegg er det utarbeidd nye internasjonale tilrådingar frå CPSS og International Organization of Securities Commissions (IOSCO) for utforming og drift av finansiell infrastruktur. Styresmaktane i Noreg og i dei fleste andre land vil ta i bruk dei nye tilrådingane i overvakninga av og tilsynet med finansiell infrastruktur. Desse initiativa kan verke til å styrkje finansiell stabilitet globalt.

For å fremje ein felles verdipapirmarknad i Europa utviklar Eurosystemet T2S, ei felles IT-løysing for oppgjer av verdipapir som blir handla i euro og andre europeiske valutaer. Aktørane i den norske marknaden har konkludert med at ein ikkje ynskjer å delta i T2S frå starten i 2015/2016. Dei ser likevel langsiktige fordelar med T2S og vil vurdere deltaking seinare. Det er difor ikkje grunnlag for at Noregs Bank nå vurderer å leggje til rette for oppgjer av handlar i norske kroner i T2S. Dersom aktørane i marknaden seinare ønskjer ei tilknyting til T2S og Noregs Bank sine interesser er tilfredsstillande varetekne i deltakarvilkåra, vil Noregs Bank kunne leggje til rette for oppgjer av handlar i norske kroner i T2S. Noregs Bank har meldt dette til Den europeiske sentralbanken (ESB) i brev av 10. mai i år.

1. Kunderetta betalingsformidling

Privatpersonar og bedrifter betaler med ulike kort og kontantar i butikkar, medan rekningar i hovudsak blir betalte med giro i nettbank. Når privatpersonar og bedrifter utfører betalingar der pengar blir flytta frå ein bankkonto til ein annan, må dei involverte bankane sørge for overføring av pengar seg imellom. Det skjer i interbank-system, som er system for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom bankar.

Del 1 i rapporten drøftar utviklinga i kunderetta betalingsformidling, medan del 2 drøftar utviklinga i interbank-systema. Del 1 gir først oversikt over utviklinga i bruken av ulike betalingsinstrument og bankane sine prisar og inntekter frå betalingsformidling. Når brukarane av betalingstenester står overfor prisar som speglar kostnadene ved å produsere tenestene, blir ressursane betre utnytta. Inntening frå betalingsformidlinga kan støtte opp om tilbydarane sin vilje til å investere i trygge og gode betalingsløysingar i framtida.

Sikker og stabil drift av betalingstenestene er viktig for at publikum skal ha tillit til dei og at dei kan fungere effektivt. Det var visse problem med drifta av kortsystem mv. i 2011. Finanstilsynet har derfor skjerpt oppfølginga av at bankane har kontroll over eigne system. Frå styremaktene si side er det Finanstilsynet som følgjer opp dei enkelte kunderetta betalingssistema, medan Noregs Bank overvakar effektiviteten i betalingsformidlinga under eitt, sjå avsnitt 2.1.

Betalingsformidlinga endrar seg gjennom utvikling av nye betalingstenester og ved at nye aktørar kjem til. Vi drøftar slike trendar internasjonalt og i Noreg. Til slutt ser vi på utviklinga av det europeiske betalingsområdet.

1.1 Bruk av kontantar

Noregs Banks plikt til å utferde setlar og mynt inneber blant anna at sentralbanken skal sikre at samfunnet har tilgang på kontantar som betalingsmiddel. Bankane kan gjøre uttak av kontantar basert på innskot dei har i Noregs


Bank. Publikum må vende seg til bankane for å få kontantar. Noregs Bank har dermed ei grossistrolle og bankane ei detaljistrolle i kontantforsyninga.

Etterspørselen etter kontantar blir bestemt av brukarane, som nyttar kontantar i det omfanget dei ønskjer. Kontantar blir brukte i oppgjer mellom anna fordi det gir eit endeleg oppgjer utan bruk av elektroniske hjelpemiddel.

Dei siste fire åra har den samla mengda av setlar og mynt i omløp lege omtrent på same nivå. I 2011 var årsgjenomsnittet vel 50 milliardar kroner. For enkeltvalørar var det større endringar. Dei siste åra har talet på 1000-kronesetlar blitt redusert, medan mengda av 500- og 200-kronesetlane har auka. Det kan ha samanheng med kva valørar bankane vel å bruke i minibankar. 1. mai 2012 slutta 50-øringen å vere tvunge betalingsmiddel.

Kontantane sin del av verdien av betalingsmiddel disponerte av publikum (M1) utgjorde om lag 6 prosent i 2011, sjå figur 1.1. Det er nær ei halvering dei siste ti åra, og er ein lågare del enn i dei fleste andre land, sjå figur 1.2. Også målt i forhold til BNP Fastlands-Noreg og konsumet i hushalda viser kontantar i omløp ein nedgang over tid, sjølv om talet er tilnærma uendra frå 2010 til 2011.

Figur 1.1 Verdi av kontantar i omløp som del av betalingsmiddel (M1), konsum i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. Prosent. 2001 – 2011



Brukane kan skaffe seg kontantar i bankfilialar, minibankar og på fleire handelsstader. Talet på minibankar har endra seg lite det siste tiåret, sjå figur 1.3. Talet på uttak i minibankar var på sitt høgaste i 2001 og har falle med 28 prosent sidan då. Det har samstundes blitt fleire betalingsterminalar på handelsstader der kundane kan ta ut kontantar. Men talet på uttak på handelsstader går også ned. I 2011 var det 61 millionar varekjøp der det ble utført kontantuttak i tillegg, ein nedgang på 7 prosent frå 2010.


Reduksjonen i kontantane sin del av betalingsmidla og nedgangen i uttak av kontantar frå minibank og butikk gir grunn til å tru at bruken av kontantar fell, samstundes som kortbruken aukar. Kontantar har likevel ei viktig rolle som betalingsmiddel, fordi dei mellom anna gir enkel og effektiv betaling for kundane, særleg for små summar. Vidare peikar bankane på kontantar som beredskapsløysing for dei elektroniske betalingssystema.

Noregs Bank uttalte i brev av 30. september 2011¹ til Finansdepartementet at ein bør vurdere å innføre grunnlag i finanslovgivinga til å påleggje bankane å sikre at ei slik beredskapsløysing vil fungere, dvs. at dei vil vere i stand til å sikre tilførsle av kontantar til kundane sine i ein situasjon der dei elektroniske systema ikkje fungerer.


I november 2011 skreiv FNO (Finansnæringens Fellesorganisasjon), Finansforbundet, Hovedorganisasjonen Virke og IKT-Norge eit felles brev til Finansdepartementet der dei bad om at det blei oppretta eit lovutval for å utgreie konsekvensane av å sidestille kontopengar med kontantar. Organisasjonane argumenterte blant anna med at dette ville gi både tryggings- og effektivitetsgevinstar for den einskilde verksemda, dei tilsette og samfunnet elles.

Finansdepartementet sa i svarbrevet sitt at forslaget frå organisasjonane om at seljaren skal kunne velje bort kontantar som oppgjersmåte, inneber at Noregs Banks

Figur 1.2 Kontantar som del av betalingsmiddel (M1) i utvalde land.
Prosent. 2010



Figur 1.3 Talet på betalingsterminalar på handelssted og talet på minibankar.
Per tusen innbyggjarar. 2001 – 2011



setlar og mynt ikkje vil ha funksjon som tvungne betalingsmiddel. Det vil svekkje tilliten til at ein alltid kan bruke kontantar, og skape store utfordringar for personar som ikkje har høve til å gjøre opp for seg på andre måtar. Finansdepartementet avslo derfor å utgreie ei sidestilling av kontopengar og kontantar.

1 Sjå Noregs Bank (2011a).

1.2 Kortbetalingar

Det var utferda 12,3 millionar betalingskort i Noreg ved utgangen av 2011, ein auke på 1,3 prosent frå året før. Talet på betalingskort har auka gjennom fleire år, men auken i 2011 var moderat i forhold til tidlegare, noko som skriv seg frå ein svakare auke i talet på debetkort.

I 2011 blei kort som er utferda i Noreg, brukte til 1,49 milliardar betalingar og kontantuttak. Det tilsvarer om lag 300 transaksjonar per innbyggjar. Bruken av betalingskort auka med 9 prosent frå året før. Verdien av kortbetalingane svarer til halvparten av konsumet i hushalda i Noreg, sjå figur 1.4.

Samanlikna med andre land plasserer Noreg seg nær verdstoppen når det gjeld kortbruk, sjå figur 1.5.


Talet på varekjøp med kort vokser med 10 prosent, og var på 1,4 milliardar i 2011. Betalingskort blir brukte i stadig større grad berre til varekjøp, utan at det blir gjort kontantuttak i tillegg. Betalingskort blir også brukte i mindre grad enn tidlegare til kontantuttak frå minibankar. Talet på slike uttak er redusert med 4 prosent sidan 2010 og var 92 millionar i 2011.

Medan auken i talet på betalingar med kort er høg, var auken i omsetninga noko meir moderat, om lag 6 prosent. Dette skuldast at kort no meir enn tidlegare blir brukte til betaling av mindre summar i staden for kontantar. Gjennomsnittbeløpet for kvar transaksjon med norske kort gjekk ned frå 478 kroner i 2010 til 466 kroner i 2011.


Bruken av norske kort i utlandet vokser markant i 2011 med 19 prosent. Talet inkluderer også bruk av norske kort til betalingar over Internett i utanlandske nettverk. Bruken av utanlandske kort i Noreg auka med 12 prosent i den same perioden.

Debetkortsystemet BankAxept har ein høg marknadsandel (sjå figur 1.6) og er kostnadseffektivt, sjå Gresvik og Haare (2009). Samstundes er prisane låge og bankane si inntening på betalingsformidling isolert sett dårlig. Ban-

Figur 1.4 Verdi av varekjøp med betalingskort. Som del av konsum i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. Prosent. 2001 – 2011




Figur 1.5 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar. Betalingar og kontantuttak. 2010¹



1) For Noreg er tal for 2011 tilgjengeleg

Kjelde: Noregs Bank, ESB, BIS/CPSS og Sedlabanki Islands

Figur 1.6 Bruk av betalingskort. Milliardar kroner. 2001 – 2011



Kjelde: Noregs Bank

Straksbetalingar

Kreditrisikoen som bankane hadde i betalingsoppgjera, blei fjerna sommaren 2000 ved at bankane sluttar å kreditere kundane sine før dei sjølv mottok pengane i oppgjera i Noregs Bank. Dette blir kalla kreditering etter oppgjer. Ulempa er at mottakarane må vente på betalingerne til etter oppgjera i Noregs Bank. Bankanes kundar kan ha behov for å gjere einskilde betalinger raskare enn ei slik løysing tillet, for eksempel ved privat brukhandel.

For å dekkje slike behov vedtok næringa i 3. mai 2012 ei løysing om "straksbetalingar." Dette er kreditoverføringer i norske kroner som utan opphald blir gjorde mellom kunde-kontoar i ulike bankar. Banken til betalingsmottakaren er forpliktat til *straks* å auke disponibel saldo på betalingsmottakaren sin konto på grunnlag av ei melding¹ frå betalaren sin bank. Slike betalingar inneber at mottakarbanken forpliktar seg overfor kunden sin *før* banken sjølv har motteke pengane i oppgjeret. Dette blir kalla kreditering før oppgjer, og

inneber ein kreditrisiko for bankane. For å redusere denne risikoen er det innført ei beløpsgrense på ein halv million kroner for slike betalingsoppdrag.

Beløpsgrensa er sett ut i frå ei avveging mellom ønskt bruksområde og risikoforholdet mellom bankane. Den einskilde banken kan sjølv fastsetje lågare grenser for overføringer frå kundane sine, men mottakarbanken er forpliktat til å ta imot straksbetalingar på inntil ein halv million kroner. Straksbetalingar kan ikkje brukast for betalingar som er omfatta av ein OCR²-avtale, det vil seie betalingar med KID-nummer.

Det er venta at samla transaksjonsbeløp for straksbetalingar berre vil bli ein liten del av betalingsformidlinga i bankane. Det er derfor ikkje innført tiltak for å avgrense risikoen i oppgjeret, for eksempel i form av ei oppgjersramme ("cap") på posisjonane. Banknæringa tek sikte på å teste løysinga hausten 2012, og bankane vil truleg ta ho i bruk i 2013.

Tap ved insolvens

Straksbetalingar blir omfatta av ein avrekningsavtale³ mellom aktørane som også er bindande om ein bank går over ende. NICS Operatørkontor skal i ein slik situasjon halde oversikt med alle uoppkjorte straksbetalingar til/frå den insolvente banken som er motteke i betalingssystemet fram til tidspunktet for offentleg administrasjon. Har den insolvente banken ein positiv avregningsposisjon, skal denne krediterast buet. Er posisjonen negativ, skal NICS Operatørkontor gå til buet for å få midlar avsette til dekning av avrekninga. Dersom det ikkje er avsett tilstrekkelege midlar i buet, må den udekta posisjonen fordelast på bankane. NICS Operatørkontor vil på vegner av bankane presentere eit krav i buet for den udekta posisjonen.

1 Betalingane må merkast spesielt i nettbanken.

2 Optical Character Recognition. OCR-avtale er ei teneste frå Nets for automatisk registrering av innbetalinger.

3 Fordringsforhold som oppstår mellom insolvent bank og andre bankar som følgje av straksbetalingar, skal avrekna multilateralt (netting).

kane viser derfor ei aukande interesse i å fremje internasjonale betalingskort, der potensialet deira for inntekter er større. Det kan ha ein negativ effekt på viljen bankane har til å utvikle BankAxept framover.

Ved utgangen av 2011 var det plassert ut om lag 128 200 betalingsterminalar som aksepterer BankAxept-kort, hos 100 800 butikkar og andre betalingsmottakarar. Desse terminalane aksepterer også nasjonale kredittkort og kort

utferda av internasjonale kortselkap. Auken i utplasserte terminalar dei siste åra har vore moderat, sjå figur 1.3.

1.3 Rekningsbetalingar

Totalt blei det utført 379 millionar nettbankbetalingar i 2011, ein auke på 2 prosent frå året før. Det er 66 prosent av alle rekningsbetalingane.

Talet på blankettgiroar frå bedrifter og konsumentar fall med 16 prosent frå 2010 til 2011 og utgjer no om lag 4 prosent av rekningsbetalingane.

Direkte debitering (stort sett AvtaleGiro) auka med nesten 10 prosent frå året før, men står berre for knapt 13 prosent av rekningsbetalingane. Både mottakaren og betalaren må ha avtale med banken sin for å gjennomføre ei direkte debitering. Ved utløpet av 2011 hadde 13 800 bedrifter til saman nær 13,2 millionar avtaler med kundar om direkte debitering. Dette var ein auke på høvesvis 4 og 10 prosent frå 2010.

Den siste delen av totalmarknaden, om lag 17 prosent, gjeld blant anna betalingar frå bedriftsterminalar, faste elektroniske oppdrag og kontante innbetalinger.

Figur 1.7 viser bruken av betalingstenester som personkundar har til betaling av rekningar mv.


Fakturaer kan sendast ut på papir i vanleg post eller direkte til nettbanken som elektronisk faktura. Talet på avtaler med personkundar om mottak av elektronisk fakturering auka med 25 prosent i 2011. Om lag 950 bedrifter kan no sende elektroniske fakturaer til personkundar. Det blei utforda om lag 34 millionar elektroniske fakturaer i 2011, ein auke på 17 prosent frå 2010.

Betalingskostnadene kan bli reduserte dersom fleire fakturaer blir skrivne ut elektronisk, sjå Noregs Bank (2011b). Særleg er potensialet stort ved betalingar mellom føretak og mellom føretak og offentleg sektor.

I årsrapporten for 2010 omtalte vi Banknettverkets² B2B (business to business)-løysing. Denne løysinga tek hand om både intern bokføring av betalinga i bedrifta og betatingsoperasjonen.

e2b er eit norsk format for elektronisk faktura mellom bedrifter. Vel 10 ulike IT-selskap tilbyr i dag e2b-løysingar. Desse har inngått ein samarbeidsavtale med mål om

Figur 1.7 Betalingstenester retta mot personkunder for betaling av rekningar med vidare. Millionar transaksjonar. 2001 – 2011



å gjere det enklare for utferdarar og mottakarar å utveksle alle typar fakturatransaksjonar, sjølv om ulike meldingssentralar blir brukte. e2b-formatet blir brukt av store grupperingar innan næringslivet og det offentlege. Filene som blir sende mellom bedriftene, har eit format som gjer at fakturaene blir registrerte automatisk i føretaka sine økonomisystem. Løysinga er ikkje integrert med eit betalingssystem på same måte som e-fakturaløysingane bankane tilbyr. Ein mogeleg fordel med dette opplegget er at eit føretak som mottek e2b-fakturaer, sjølv kan velje betalingsmåte. På den andre sida må føretaket sjølv registrere betalingane sine manuelt.

Regjeringa har som ambisjon at statlege verksemder skal krevje elektronisk faktura og kreditnota i alle avtaler som blir gjorde etter 1. juli 2012. Det blir arbeidd med eit lovmessig grunnlag for å kunne påleggje leverandørane å levere på elektronisk format. Sidan dette ikkje er på plass, har Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet som ei kortsiktig, mellombels løysing bede statlege verksemder krevje elektronisk faktura og kreditnota frå sine leverandørar i avtaler gjorde etter 1. juli 2012.³ Faktura og kreditnota skal vere i samsvar med standarden Elektronisk handelsformat (EHF).

2 Nettverket blei oppretta i 2008 og har som medlemmer DNB, Fokus Bank, Handelsbanken, Nordea, SEB, Sandnes Sparebank, Sparebanken More, Sparebanken Vest, Sparebanken Sogn og Fjordane, Swedbank og bankalliansane Terra og Sparebank 1.

3 Dette er gjort i eit rundskriv, sjå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011a).

Internasjonale betalingskort

Finansdepartementet bad i oktober 2011 Finanstilsynet om å skipe ei prosjektgruppe for å vurdere tiltak i marknaden for internasjonale betalingskort i Noreg. Gruppa blei spesielt beden om å ta stilling til behovet for regulering av gebyra til dei internasjonale kortselskapene. I prosjektgruppa var også Konkurransetilsynet og Noregs Bank representerte. Utgangspunktet var oppfølging av liknande utgreiingar gjorde i 2004 og 2007. I begge desse var det tilrådd at departementet i lys av den utviklinga som hadde funne stad, ikkje burde kome med direkte reguleringar av denne marknaden.

Gruppa leverte rapporten sin til Finansdepartementet 31. januar 2012.¹ Tilrådingane frå gruppa byggjer blant anna på informasjon frå ei undersøking som viser utviklinga i brukarstadsgebyret² og formidlingsgebyret³ over tid. Denne undersøkinga er basert på data som er samla inn frå innløysarar og kortselskap i det norske marknaden, og viser ein nedgang i begge gebyri

perioden 2006–2011. Utviklinga i Noreg er om lag som i andre land.

Prosjektgruppa tilrår ikkje regulering av brukarstadsgebyret. Gruppa meiner det ville vere ei særnorsk regulering, og ei slik direkte prisregulering vil kunne ha uheldige verknader på innovasjon innanfor betalingsløysingar og for konkurransen i innløysarmarknaden.

Prosjektgruppa tilrår heller ikkje å regulere formidlingsgebyret på det noverande tidspunktet. Behovet for ei slik regulering må vurderast i lys av konkuranselovgivinga. Det er føremålstenleg å sjå an ein konklusjon i EU⁴ om regulering av formidlingsgebyret før ein eventuelt vurderer å gå til regulering i det norske marknaden.

Prosjektgruppa meiner ein bør vurdere tiltak som fører til at det blir enklare å overvelte brukarstadsgebyr på publikum, for eksempel ved å påleggje terminaleigarane eller leverandørar av terminalar å installere slik teknologi.

Prosjektgruppa tilrår at den vidare utviklinga av formidlingsgebyret og brukarstadsgebyret i Noreg blir følgt tett, og at det kjem ei ny vurdering av reguleringstiltak i marknaden for internasjonale betalingskort innan fire år.

Finansdepartementet sende 19. april 2012 prosjektgruppas rapport på høyring. Departementet bad høyringsinstansane mellom anna ta stilling til om betalingsterminalane bør utformast slik at det blir enklare for brukarstadene å kunne ta gebyr frå kundane sine ved bruk av internasjonale betalingskort. Fristen for å kome med merknader til høyringa er 15. juni 2012.

1 Sjå Betalingskortprosjektgruppa (2012).

2 Eit gebyr som blir teke av transaksjonsbeløpet ved bruk av kort på ein brukarstad. Gebyret er fastsett som ein prosentsats av transaksjonsbeløpet.

3 Eit gebyr som blir betalt av innløysarar til kortutferdaren ved kvar transaksjon med internasjonale betalingskort.

4 EU har starta opp ein prosess for å vurdere regulering av formidlingsgebyret til dei internasjonale kortselskapene. Dette arbeidet kjem i tillegg til tvistar og tilhøyrande forlik som EU har inngått med Visa og MasterCard om formidlingsgebyret.

Det er òg ein ambisjon at det same kravet skal gjelde for avtaler med kommunar og anna offentleg forvaltning frå 1. juli 2013.

Noverdien av innsparingane over ein 10-årsperiode ved å innføre elektronisk faktura i statleg verksemd blei rekna til å vere 1,1 milliardar kroner i 2009 (St.meld. nr. 36 2008–2009). Ei nyare utrekning viser at den samfunns-

økonomiske vinsten av å innføre elektronisk faktura i staten er inntil 1,9 milliardar 2011-kroner for perioden 2009–2023.⁴ I tillegg kjem ei rekke ikkje prissette positive effektar. For kommunal sektor (kommunar og fylkeskommunar) viser utrekninga⁵ ein forventa noverdi på

4 Sjå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011b).

5 Sjå Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011c).

inntil 1,4 milliardar 2011-kroner i perioden fram til 2024, avhengig av kva premissar som blir lagde til grunn.

I samarbeid med SSB arbeider Noregs Bank med å utvikle eit opplegg som gjer det mogeleg å samle statistikk for dei ulike løysingane for elektronisk faktura. Etter planen vil slik statistikk bli levert til SSB tidlegast frå og med rapporteringsåret 2012.

1.4 Prisar i og inntekter frå betalingsformidling

Prisar


Bankane tek seg betalt for tenester knytte til betalingsformidlinga. Prisane er ulike for brukarar som er i og utanfor banken sine kundeprogram. Programma gir rabattar mot at kundane betaler ei fast årsavgift eller knyter seg til særskilde konti eller tenester. Gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med det internasjonale kortet Visa var ved inngangen til 2012 om lag 208 kroner innanfor kundeprogram og 260 kroner utanfor. Dette er ein auke på høvesvis 6 og 9 prosent frå året før. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept steig også i løpet av 2011, og var ved inngangen til 2012 10 øre for kundar i slike program og omtrent 1,80 kroner for kundar utanfor.

Prisane for betaling av rekningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Den store prisvariasjonen heng saman med kostnadsnivået for å produsere tenestene, sjå Gresvik og Haare (2009). Elektroniske tenester som nettbank, AvtaleGiro og elektronisk faktura kostar mykje mindre for bankane enn papirbaserte tenester som betaling av giro i skranke. Gjennom 2011 auka prisane på papirbaserte betalingstenester. Listeprisane utanfor kundeprogram steig med 8 prosent for brevgiro, til om lag 8 kroner ved inngangen til 2012. For kontante innbetalinger med giro over skranke steig prisen med 25 prosent, til om lag 80 kroner. Samstundes blir slike betalingar frå nettbank tilbode gratis.

Inntekter

I 2011 hadde bankane nesten 6,3 milliardar kroner i inntekter frå betalingsformidlinga. Dette er ein auke på drygt

Figur 1.8 Bankanes inntekter frå betalingsformidling.
Milliardar kroner. 2006 – 2011



0,2 milliardar kroner sidan 2009. Over halvparten av inntektene var frå betalingskort, sjå figur 1.8. Auka bruk av betalingskort har ført til auke i inntektene frå betalingskort. Frå 2006 til 2011 har talet på varekjøp med BankAxept-kort auka med 408,4 millionar transaksjonar, medan verdien av varekjøp med BankAxept har auka med omtrent 121 milliardar kroner. Ifølgje Gresvik og Haare (2009) dekte bankane sine inntekter frå betalingsformidlinga omtrent 70 prosent av produksjonskostnadene for desse tenestene i 2007. Tabell 21 og 22 på side 53 og 54 gir oversikt over prisar på ulike betalingstenester for både person- og føretakskundar.

1.5 Tryggleik

Kontantar

Forfalsking av kontantar er eit problem for sentralbankar i mange land. I Noreg held talet på falske setlar seg lågt, sjå figur 1.9. I 2011 blei det registrert 530 falske setlar, mot 571 i 2010. Dette er om lag 4 falske setlar per million setlar i omløp, medan tilsvarande tal for eurolanda er 42.⁶ Informasjon frå Kriplos tilseier at kvaliteten på forfalskingane i hovudsak er svært dårleg, og at falske setlar bør vere lette å oppdage.

⁶ For eurolanda var det i 2011 omtrent 606 000 forfalskingar og om lag 14 400 millionar setlar i omløp, sjå ESB (2012).

Nettbank og kort⁷

Finanstilsynet (2012) skriv at dei har motteke fleire meldingar enn tidlegare om uønskte hendingar mellom anna når det gjeld nettbank og kort i 2011, mykje på grunn av feil som ramma mange finansverksemder samstundes.

Frå 1. desember 2011 blei det slutt med å bruke magnetstripa på debetkort i BankAxept-terminalar. I staden har ein teke i bruk chip (databrikke). Avviklinga av magnetstripebruken skjer for å sikre norske bankar og kundane deira betre mot svindel. Alle bankkort vil framleis ha ei magnetstripe, men ho vil ikkje kunne brukast i BankAxept-terminalar i Noreg.


I utlandet kan norske brukarar bruke chip der det er høve til det. Ikke alle land har kome like langt i å ta i bruk chip. På betalingsterminalar utan chip-lesar må kunden derfor bruke magnetstripa.

På internasjonale kort utan chip, for eksempel Visa eller MasterCard frå utanlandske eller norske bankar, kan magnetstripa brukast i betalingsterminalar i Noreg som før.

Onsdag før påske 2011 oppstod problem med bruken av betalingskort. Kundane opplevde at betalingar både med debet- og kredittkort i betalingsterminal og uttak i minibank blei avbrote eller gjekk tregt. I utgangspunktet var årsaka hardwarefeil på ein primærservar for autorisasjonsmottak av kort, slik at reservaløysinga måtte overta. Det viste seg då at reservaløysinga ikkje var oppgradert med den same kapasiteten som primærløysinga. Driftsavviket fekk alvorlege følgjefeil ved at same transaksjon blei reservert fleire gonger på kundane sine konti. I nokre tilfelle blei også same transaksjon belasta fleire gonger.

I 2011 har Finansnæringens Fellesorganisasjon (FNO) arbeidt saman med Finanstilsynet for å få ei meir grunnleggjande forståing for korleis det operasjonelle risikobilietet ser ut, og kven som har det operasjonelle primæransvaret. I juni sende Finanstilsynet ut Rundskriv 20/2011 om auka krav til bankane i lys av driftsproblema i påska

Figur 1.9 Talet på innregnne, falske setlar.
2001 – 2011



Kjelde: Kripos

2011. Der understreka ein kor viktig det er at bankane tek tydelegare ansvar for den delen av transaksjonskjeda som blir drifta av eksterne leverandørar.

Det blei peika på at bankane må setje konkrete krav til leverandørane og arbeidet deira, og gjennom å utøve aktiv styring og kontroll med leveransane forsikre seg om at arbeidet blir utført i samsvar med avtaler, aktuelle retningslinjer og gjeldande regelverk.

Kortsvindelen minkar. Ifølgje FNO registrerte bankane tap i samband med misbruk av kort på 125,7 millionar kroner i 2011, ein nedgang frå 200 millionar kroner i 2010. Det er særleg «skimming», det vil seie kortsvindel der opplysninga frå magnetstripa blir kopiert, som har gått ned. Viktige årsaker til nedgangen i kortsvindel er ifølgje FNO auka bruk av chip, regionsperrer, mobilvarsling og effektivt politiarbeid. Tapa i 2011 skuldast i første rekkje at kortinformasjon er stolen i Noreg og brukt på falske kort utanfor Noreg. Ein stor del av tapa skuldast også tapte eller stolne kort som er misbrukte med PIN i Noreg.

Såkalla «phishing», dvs. forsøk på å få ulovleg tilgang til kortinformasjon, er framleis eit problem, og framgangsmåtar og teknologi blir stadig meir avansert. Finanstilsynet reknar med at ID-tjuveri vil auke. Finanstilsynet vurderer allereie dette som eit alvorleg problem.

⁷ Dette avsnittet byggjer på tal og vurderinger frå Finanstilsynet (2012).

Talet på trojanarangrep i norske nettbankar auka i 2011. I februar 2011 blei internettadresser til dei fleste norske nettbankane funne i skadeleg programkode som var meint for spreiling til norske bankkundar. Trass i dette var tapa minimale. Samla tap ved bruk av nettbank utgjorde i 2. halvår 2011 2,7 millionar kroner medan tapet i tilsvarende periode i 2010 var 2,4 millionar kroner. Tiltak frå bankane har vore effektive og har stoppa angrepa.

Men det er eit problem at trojanarangrepa blir meir og meir automatiserte. Det har såleis vore eksempel på transaksjonar som blir genererte utan bruk av spesiell overvakning frå svindlaren, sjå Finanstilsynet (2012).

1.6 Nye betalingstenester

Betalingsformidlinga endrar seg gjennom utviklinga av nye betalingstenester.

Ny teknologi påverkar systema for betalingstenester. Måten forbrukarane handlar på, er i endring, med mellom anna auka handel via internett. Det vil òg kunne påverke betalingstenestene. Fleire aktørar ønskjer å posisjonere seg for å ta sin del av verdiane i betalingsformidlinga. Spesielt er det hard kamp om småbetalingar.

Ein del av utviklinga av betalingsløysingar skjer no utanfor den tradisjonelle banksektoren. Internettportalar og internettføretak har kome opp som potensielle marknadspllassar og tilbydarar av betalingstenester. Dei utnyttar nettverkseffektane ved at dei har mange brukarar som ønskjer å samhandle. Teleselskapa tilbyr også nye tenester. Det gir utfordringar for banksektoren gjennom auka konkurransen i marknaden for betalingsformidling. Framover vil truleg reguleringar, standardar og ny teknologi påverke både marknaden, noverande aktørar og nykomrar. Ny teknologi reduserer etableringsbarrierane samstundes som nye aktørar som PayPal, Google og Apple får tilgang til ein stadig meir konkurransetett marknad. Det å omskape teknologisk kreativitet til eit kommersielt gjennombrot på massemarknaden vil likevel kunne ta tid.

Det mest kjende betalingsføretaket internasjonalt er PayPal. Føretaket blei oppretta for enkelt å kunne overføre pengar ved handel på Internett. Ved bruk av PayPal blir kredittkortet eller PayPal-kontoen til betalaren belasta, og mottakaren blir godskriven på ein intern PayPal-konto. Fordelar for kundane ved bruk av PayPal er snøgg overføring og at kredittkort- eller bankkontonummer ikkje blir oppgitt.

Teleselskapa har avgrensingar på kva tenester dei kan tilby, og vil truleg vere avhengige av partnarskap med finansinstitusjonar for å kunne tilby betalingstenester. Fleire av tenestene som blir tilbodne over mobilabonnementet, blir i Noreg regulerte av reglane i finansavtalelova. Transaksjonar som gjeld kjøp av fysiske varer og ikkje-digitale tenester, er å oppfatte som betalingstenester. Finanstilsynet⁸ meiner teleoperatørane kan tilby tenester og varer frå tredjepartar utan særskilt løyve som betalingsføretak eller e-pengeføretak. Vilkåret er at det er snakk om digitale varer, og at medverknaden til operatørane tilfører ein eigenverdi i form av tilgangs-, distribusjons- eller søkjetenester, og at vara eller tenesta berre kan brukast i digitale innretningar som mobiltelefonar eller datamaskiner.

For forbrukarane er tryggleiken som er knytt til nye aktørar, viktig. Forbrukaren må kunne stole på at aktøren ikkje misbruker sensitiv informasjon, og at pengane er verna mot at aktøren går konkurs (jf. innskotsgarantien for norske bankar).

Mobiltelefonen er eit eksempel på at ny teknologi gir opning for nye betalingsløysingar. Han blir brukt på fleire måtar:

- Mobiltelefonen blir brukt til kommunikasjon med banken for å få informasjon om og utføre kontobetalingar. Bankane har laga løysingar der teleoperatørar i ulik grad opptrer som medhjelparar i gjennomføringa av «verditransporten».

⁸ Prop.139 L (2010–2011): Endringer i betalingssystemloven og finansieringsvirksomhetsloven mv. (gjennomføring av EØS-regler som svarer til direktiv 2009/44/EF og direktiv 2009/110/EF).

- Mobiltelefonen kan også brukast til betalingar ved at brukaren nytta mobilabonnementet sitt til å betale for andre tenester enn telefonenesta, for eksempel ved å sende ei tekstmelding (SMS). Tenesta blir betalt via telefonrekninga. Ein slik bruk av mobiltelefonen har for brukaren mange fellestrekk med faktureringskort. I Noreg kan ein belaste opptil 300 kroner per melding med SMS-betaling.
- Nokre bankar i Noreg er også i ferd med å utvikle løysingar for kontaktlause betalingar med mobiltelefonar og betalingskort der ein brukar såkalla nærfelt-kommunikasjon (near-field-communication-NFC).

Med kontaktlaus betaling trengst ikkje betalingskort med magnetstripe eller chip. I staden brukar ein trådlaus teknologi for kommunikasjon mellom betalingsterminalen og betalingskortet eller mobiltelefonen. Betaling skjer ved at kortet/mobiltelefonen blir halden tett inntil betalingsterminalen. Brukaren treng ikkje taste PIN-kode eller signere innanfor gitte beløpsgrenser.

Så langt ser det ut til at kontaktlause betalingar er mest utbreidde i land med relativt lite bruk av debetskort, eller der det å betale med kort tek lengre tid enn det normalt gjer i Noreg. Kontaktlause betalingar er i første rekke tenkt til bruk på stader der mange kundar utfører transaksjonar med låg verdi, spesielle hurtigmatkjeder, daglegvarebutikkar og offentleg kommunikasjon. Fordelane ved kontaktlause betalingar er auka fart på betalingstransaksjonane. Det skaper mindre kø.

Framleis er det få mobiltelefonar som støttar NFC-teknologien, mykje fordi det er svært få butikkar og andre stader der forbrukarane kan betale på dette viset. Omvendt kan ein hevde at det er få mobiltelefonar med rett teknologi fordi det ikkje er nok brukarstader. Det tek tid å etablere ein ny infrastruktur.

Tre bankar testar ut kontaktlause betalingar i Noreg gjennom bruk av betalingskort eller mobiltelefon: DNB (Tap2Pay), Sparebank 1 SMN (Blunk) og Hol Sparebank i samarbeid med Terra-Gruppen. Desse løysingane tek

først og fremst sikte på å vere eit alternativ til betalingar med kontantar.⁹

Potensialet for betalingstenester via mobiltelefon er stort, ettersom mange i Noreg har mobiltelefon. Så langt har prosjekta med kontaktlause betalingar vore samarbeidsprosjekt med relativt mange føretak involvert. Spørsmål som blir reist, er korleis ein skal tene pengar på denne typen betalingar, og korleis verdiane skal fordelast. Framleis er det ikkje så mange slag betalingar som kan utførast med mobilen i Noreg. Stort sett dreier det seg om mobiltilpassa nettbank og ulike løysingar for betalingar med SMS.

At det kjem fleire aktørar i marknaden for betalingstenester, er positivt for konkurranseforholda innan betalingsformidlinga og fører til utvikling av nye innovative løysingar. Utvikling av nye betalingstenester vil gi forbrukarane fleire instrument å velje mellom, slik at dei kan bruke det som passar dei best. Samstundes kan systemet bli meir komplekst når det er tilbod om betalingstenester gjennom fleire kanalar. Det er sentralt for tilliten og effektiviteten til nye betalingstenester at fordelinga av ansvar mellom dei involverte aktørane er klar. Det er for eksempel krevjande å lage avtaler mellom bank og kunde når ulike leverandørar har ansvar for ulike tenester på same mobiltelefon.

Skal nye betalingsmåtar få gjennomslag, må brukarane oppleve at dei er raskare eller har funksjonar som noverande betalingstenester ikkje har. Dei må også vere lettfattelege og enkle å bruke, og tryggleiken må være god.

1.7 Det europeiske betalingsområdet

Noreg er gjennom EØS-avtalen forplikta til å ta i bruk ny felleseuropéisk lovgiving på betalingsområdet. Lovgivinga har påverka dei felleseuropéiske betalingsløysingane som er utvikla i SEPA-prosjektet (Single Euro Payments Area). Desse betalingsløysingane vil derfor

⁹ Desse løysingane blir omtalte nærmare i Langbraaten (2012).

etter alt å dømme også påverke det norske betalingssystemet i framtida.

SEPA-instrumenta skal i utgangspunktet brukast på betalingar i euro. Desse instrumenta skal ein kunne bruke både i dei einskilde landa og på tvers av landegrensene. Innføringa av SEPA-instrumenta starta i byrjinga av 2008 med at SEPA Credit Transfer (ordinære girobetalingar) blei lansert. I november 2009 kom SEPA Direct Debit (ei avtalegiroløysing). For kortløysinga til SEPA er det sett visse tekniske spesifikasjonar. Desse vil gjere europeiske korthaldarar og forretningar i stand til å utføre betalingar på brukarstader i andre land og gjere minibankuttak i SEPA-området som om det blei gjort i heimlandet.

I dei fleste land har det gått seint med å få hushald, bedrifter og styresmakter til å ta i bruk dei nye instrumenta i staden for nasjonale løysingar. Eit unntak frå dette er SEPA-løysinga for kort som skal ha EMV-funksjonalitet¹⁰. Mot slutten av 2011 hadde 90 prosent av alle kort i EU slik funksjonalitet, og rundt 95 prosent av både brukarstader og minibankar er bygde om for å kunne nytte EMV-kort.

Det er store variasjonar i bruken av giroløysinga til SEPA. I Luxembourg skjedde rundt 90 prosent av alle ordinære girotransaksjonar med dette instrumentet i 2011. Også i land som Kypros, Slovenia, Finland, Belgia og Spania er det ein forholdsvis høg prosentdel med denne typen giro.

På den andre sida er avtalegiroløysinga til SEPA nesten ikkje teken i bruk. Ved utgangen av 2011 utgjorde slike SEPA-transaksjonar berre 0,5 prosent av det totale talet på avtalegirotransaksjonar.

På grunn av den trege utviklinga i skiftet til SEPA-instrument har det lenge vore hevda at det var naudsynt med ein siste dato for når deltarlanda skulle ta i bruk dei nye instrumenta. Forhandlarar frå Europaparlamentet og EU-rådet blei 20. desember 2011 einige om teksten i ei komande regulering (SEPA-forskrifta) som fastlegg dei

tekniske krava til girobetalingar (Credit Transfers) og avtalegiro (Direct Debit). Her blei 1. februar 2014 sett som siste frist for euroområdet til å ha innført desse reglane. Forskrifta set også opp ein del andre fristar for overgangen til SEPA-instrumenta. SEPA-forskrifta blei formelt godkjend av Europaparlamentet 14. februar 2012.

¹⁰ EMV er ein global standard for kredit- og debetkort basert på chipteknologi som Europay, MasterCard og Visa (derav namnet EMV) har utvikla for kommunikasjon mellom betalingsterminalar og kort.

2. Interbanksystem mv.

Alle overføringane mellom bankane skjer i interbanksystem, som er system for avrekning, oppgjør eller overføring av pengar mellom bankar. Interbanksistema er kjernen i den finansielle infrastrukturen, sjå eiga ramme side 19.

Det er viktig for finansiell stabilitet at interbanksistema fungerer som dei skal til kvar tid. Tapa som oppstår ved svikt i eit interbanksystem, kan bli større for samfunnet enn for deltakarane i systemet. Blir systemet utforma og drive berre ut frå interessene til systemeigarane, kan det derfor bli lagt for lita vekt på å utarbeide trygge løysingar. I dei fleste utvikla økonomiane er dette løyst ved at sentralbankane har fått ansvaret for å overvake interbanksistema. Noregs Bank har etter betalingssystemlova og sentralbanklova ansvar for å føre tilsyn med viktige interbanksystem og å overvake heile betalingssystemet.

Det skjedde fleire endringar i og rundt interbanksistema i 2011. Likevel har drifta vore stabil. Endringane har mellom anna omfatta:

- Nytt likviditetsstyringssystem i Noregs Bank
- Ny løysing for oppgjør av betalingar for staten som reduserer likviditetsbehovet til bankane og risikoen i slikt oppgjør.

I tillegg vil det skje ytterlegare endringar som straks-betalingar og innføring av grenser for private oppgjers-bankar si eksponering overfor bankar dei gjer opp for. Slike grenser reduserer kreditrisikoen til oppgjersbankane, men kan føre til mindre forseinkingar i avrekningane dersom grensene blir overskridne.

Internasjonalt går det føre seg eit arbeid for å styrke finansiell infrastruktur. Det omfattar etablering av handelsregister og betre regulering av handel og oppgjør av derivat og andre verdipapir. I tillegg har det kome nye internasjonale tilrådingar for utforming og drift av finansiell infrastruktur.

Ei samla vurdering er at norske system for avrekning og

oppgjør held eit godt internasjonalt nivå. Dei oppfyller i all hovudsak internasjonale standardar for beste praksis for slike system. Eigarane av sistema følgjer dessutan godt med på den internasjonale utviklinga og har arbeid i gong slik at dei norske sistema også framover ser ut til å ville vere effektive og i tråd med beste internasjonale praksis.

2.1 Noregs Banks overvaking og tilsyn med finansiell infrastruktur

I Noreg er viktige institusjonar og system i den finansielle infrastrukturen underlagt *tilsyn* frå høvesvis Finanstilsynet og Noregs Bank. Finanstilsynet driv tilsyn med institusjonar og kunderetta betalingssystem, medan Noregs Bank har tilsyn med viktige interbanksystem.¹¹ I tillegg gir sentralbanklova Noregs Bank eit ansvar for å *overvake* den finansielle infrastrukturen. Tilsyn og overvaking med interbanksistema er basert på internasjonale tilrådingar. Her er særleg prinsippa frå Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS) viktige.

Noregs Banks ansvarsområde

Noregs Bank er konsesjons- og tilsynsstyresmakt for system for avrekning og oppgjør mellom bankane (interbanksystem). System som får konsesjon, blir underlagde *tilsyn* frå Noregs Bank, og må oppfylle krava i betalingssystemlova. Krava i lova skal sikre at interbanksistema blir utforma slik at dei er robuste, effektive og varetek omsynet til finansiell stabilitet. I dag har avrekningssystemet til Norwegian Interbank Clearing System (NICS) og oppgjerssystemet til DNB konsesjon frå Noregs Bank. System som er underlagde konsesjon, må rapportere til Noregs Bank om omsetning, eksponeringar, avvik, risikoanalyesar, katastrofetestar mv.

Betalingsystemlova byggjer på at det er næringa sitt eige ansvar å utforme robuste system. Som tilsynsstyresmakt legg derfor Noregs Bank vekt på ansvaret marknads-

¹¹ Dette avsnittet er meint å forklare arbeidsdelinga mellom Finanstilsynet og Noregs Bank, og må ikkje lesast som eit oversyn over Finanstilsynet sitt tilsynsarbeid eller det formelle grunnlaget for dette arbeidet.

aktørane sjølv har for å drive interbanksistema slik at omsynet til risiko og effektivitet blir tilstrekkeleg vareteke. Lova krev samstundes at alle systemendringar som kan vere viktige, skal meldast til Noregs Bank. Endringane kan gjennomførast dersom Noregs Bank ikkje har treft anna avgjerd innan to månader etter at meldinga er motteken. Noregs Bank kan krevje at eit system blir endra dersom det ikkje er utforma i tråd med krava i lova eller krava som Noregs Bank har stilt i konsesjonen.

I tillegg til sentralbanklova seier også prinsippa frå CPSS at sentralbankar skal *overvake* interbanksystem. CPSS-prinsippa rettar seg mot korleis sistema skal handtere juridisk, finansiell og operasjonell risiko, og korleis ein kan sikre at dei er effektive og under god styring. Noregs Bank kan ikkje påleggje institusjonar å gjennomføre endringar for å oppfylle prinsippa frå CPSS, men kan opplyse om resultata frå overvakkinga i publikasjonar frå sentralbanken. Overvakning omfattar interbanksystem uavhengig av om dei har konsesjon.

Samarbeid mellom Noregs Bank og Finanstilsynet

Tilsynet med den finansielle infrastrukturen er delt mellom Noregs Bank og Finanstilsynet. Finanstilsynet fører tilsyn med mellom anna finansinstitusjonar, verdipapirføretak, oppgjersentralar og verdipapirregister, medan Noregs Bank fører tilsyn med interbanksystem, sjå tabell 1. Noregs Banks

eige oppgjerssystem (NBO) er unntake frå tilsyn frå både Noregs Bank og Finanstilsynet, men Noregs Bank ser til at det oppfyller krava i dei internasjonale tilrådingane frå CPSS som ein del av overvakkinga. Sjølv om lovverket på definerte område gir ansvaret for tilsynet med eit system til Noregs Bank eller Finanstilsynet, er det naudsynt med eit omfattande samarbeid mellom dei to institusjonane:

- Etter lov om betalingssystem har Noregs Bank ansvar for å føre tilsyn med interbanksystem, medan Finanstilsynet skal følgje opp system for betalingstenester (system som blir brukte av person- og bedriftskundar). Men nokre løysingar blir brukte både av bankar og kundar, og er dermed ein del av både interbanksystemet og dei kunderetta systema.
- Etter sentralbanklova skal Noregs Bank fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet. Norges Bank overvakar effektiviteten i betalingssystemet under eitt, medan Finanstilsynet følgjer opp dei enkelte kunderetta betalingssystema.
- Både Noregs Bank og Finanstilsynet har ansvar for å føre tilsyn med IKT-verksemda til interbanksistema. Noregs Banks ansvar følgjer av lov om betalingssystem, og Finanstilsynets av finanstilsynslova og IKT-forskrifta.

Tabell 1: Finansiell infrastruktur som er underlagt tilsyn eller overvakning

System	Finansielt instrument	Operator	Tilsyn / overvakning	Forvaltningsorgan (evt styringsorgan)
Verdipapiroppgjernet (VPO)	Verdipapir	Verdipapisentralen ASA (VPS)	Tilsyn og overvakning	Tilsyn med VPS: Finanstilsynet Overvakning av VPO: Noregs Bank
Oslo Clearing oppgjers-system (OCO)	Derivat/aksjar	Oslo Clearing ASA (OC)	Tilsyn og overvakning	Tilsyn med OC: Finanstilsynet Overvakning av OCO: Noregs Bank
NICS	Betalingar	NICS Operatørkontor	Tilsyn	Noregs Bank
DNB Bank ASA oppgjers-system	Betalingar	DNB Bank ASA	Tilsyn	Noregs Bank
Noregs Banks oppgjers-system (NBO)	Betalingar	Noregs Bank	Overvakning	Noregs Bank
Sparebank 1 SMN oppgjerssystem	Betalingar	Sparebank 1 SMN	Overvakning ¹	Noregs Bank

¹ Sparebank 1 SMN har fått fritak for konsesjon som interbanksystem, fordi denne verksemda som privat oppgjersbank har vore vurdert som mindre viktig for den finansielle stabiliteten i Noreg. Noregs Bank fører derfor ikkje tilsyn med oppgjerssystemet til Sparebank 1 SMN.

Norske interbanksystem

Eit interbanksystem er basert på felles reglar for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom kredittinstitusjonar. Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken i Noreg, sjå figur 1. Noregs Bank tek imot avrekningar frå NICS og Verdipapirsentralen (VPS), og betalingar som blir sende inn ein for ein frå norske bankar via NICS og frå Continuous Linked Settlement (CLS).

Frå NICS kjem det betalingar til brutto- og nettooppgjer i Noregs Bank. Dei små betalingane, for eksempel kort- og girobetalingar, blir avrekna mot kvarandre, slik at kvar bank får éin samla gjelds- eller fordringsposisjon mot dei andre delta-karbankane. Avrekningane blir utførde av NICS. Posisjonane som NICS har rekna ut, blir sende til oppgjer i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO). I NBO blir pengar overførde

mellom bankane sine kontoar slik at posisjonane blir gjorde opp. Dette blir kalla nettooppgjer. Til bruttooppgjer sender NICS alle store betalingar (over 25 millionar kroner) frå nivå 1-bankar, og dessutan særskilt merkte transaksjonar. Desse transaksjonane blir gjorde opp i Noregs Bank ein for ein.

Dei fleste store bankane og dei private oppgjersbankane er direkte med i nettooppgjeret i Noregs Bank (nivå 1). For dei bankane (nivå 2) som har oppgjer gjennom ein privat oppgjersbank, tek oppgjersbanken over posisjonane og gjer opp på deira vegner i NBO. Bankar som brukar ein privat oppgjersbank i nettooppgjeret, kan også velje å sende bruttotransaksjonar direkte til NBO.


Bankane kan dekkje gjeldsposisjonane sine i oppgjerset ved å trekke

på innskot eller ta opp dagslån (D-lån) mot pant i Noregs Bank. Bankane som deltek gjennom ein privat oppgjersbank, kan trekke på kredittrammer dei har i oppgjersbanken.

I verdipapiroppgjeret (VPO) blir betalingar for handlar med aksjar, eigenkapitalbevis, sertifikat og obligasjoner gjorde opp. Oppgjeret av handel med aksjar og eigenkapitalbevis tek til med at desse handlane blir melde til Oslo Clearing, som i dag er den einaste sentrale motparten for handel med eigenkapitalinstrument ved Oslo Børs. Oslo Clearing sender sine avrekna penge- og verdipapirposisjonar inn til VPS. Når det gjeld handel med obligasjoner og sertifikat, blir kvar handel send til VPS rett frå verdipapirføretaka. VPS reknar så ut ein verdipapirposisjon og ein pengeposisjon (dvs. kva dei einstilde deltakarane skuldar eller har til gode av verdipapir og pengar). Deretter blir verdipapira gjorde opp i VPS, medan dei tilhøyrande pengeposisjonane blir sende til NBO for oppgjer. Dei to systema er innretta slik at verdipapir berre blir leverte mot betaling, og omvendt, såkalla "Delivery versus Payment" (DvP).

Bankane sine pengeposisjonar frå handel med derivat gjennom Oslo Clearing blir gjorde opp i Noregs Bank eller ein privat oppgjersbank. Den sentrale motparten avreknar pengeposisjonane til partane og dei deltakande bankane og sender resultatet til Noregs Bank eller den private oppgjersbanken. Den sentrale motparten avsluttar så handelen med kvar av dei to partane.

Figur 1 Interbanksistema i Noreg¹



1) Figuren gjev ikkje eit fullstendig bilet. I figuren er forkortinga CCP (central counterparty) nyttja for den sentrale motparten.

Det er tre ulike sentrale motpartar for handel med derivat i Noreg: Oslo Clearing ASA (eigenkapitalinstrument), Nasdaq OMX Oslo NUF (kraftderivater m.v.) og NOS Clearing ASA (frakt- og sjømatderivat m.v.). Det er inngått avtale om sal av NOS Clearing ASA fra Imarex ASA til Nasdaq OMX. Kjøpet blir trulig gjennomført sommaren 2012. Det krev godkjenning av myndighetene.

Pengeposisjonane frå Oslo Clearing blir gjorde opp i Noregs Bank, medan posisjonane frå dei to andre blir gjorde opp i private bankar.

Valutahandel der norske kroner er involverte, blir for ein stor del gjorde opp i oppgjersbanken CLS. På bankanes konto i CLS blir kvar einskild valutahandel gjort opp brutto. CLS har på førehand rekna ut netto likvi-

ditetsbehov for kvar einskild deltar i alle valutaene. Betalingar til og frå CLS i norske kroner blir gjorde direkte i NBO. Oppgjersdeltakaren syter for at nettobeløpet det er gitt melding om, blir sendt inn. Oppgjersdeltakaren kan betale inn beløpet sjølv, eller nytte korrespondentbank for å gjere betalinga.

Noregs Bank og Finanstilsynet har funne det føremålstengtenleg å klargjere oppgåvane gjennom eit felles notat om samarbeid og ansvarsfordeling. Eit slikt dokument har fleire funksjonar: Ansvarsforholdet blir tydeleg, det blir etablert klare prosedyrar for samarbeidet, og det blir avklart kva slag informasjon som skal utveklast. Dokumentet er publiserte på dei to institusjonane sine nettsider.¹²

2.1.1 Arbeidet med interbanksystema

Noregs Bank hadde to tilsynsmøte med kvar av systemeigarane i 2011. Tema for møta var mellom anna operasjonelle avvik, øvingar, risikoanalyser og gjennomførde og planlagde endringar. Noregs Bank følgjer opp at relevante delar av sistema blir testa, kontrollerer at avvika blir handterte på ein god måte og sikrar at eventuelle endringar av sistema er i tråd med lov om betalingssystem og krava Noregs Bank har stilt i medhald av lova.

Den viktigaste systemendringa for NICS i 2011 var omlegging av løysinga for statens konsernkontoordning. Den nye løysinga reduserer statens kreditrisiko og bankane sitt likviditetsbehov knytt til statlege betalingar, sjå eiga ramme på side 21. Noregs Bank er positiv til dette og godtok i juli 2011 at NICS tok løysinga i bruk. Vidare vedtok banknæringa i 2011 å innføre oppgjersrammer

(«caps») for private oppgjersbankar, sjå eiga ramme på side 22. Noregs Bank meiner at løysinga vil redusere risikoen i betalingssystemet, og godkjende regelverket for løysinga i november 2011.

DNB har ikkje gjort noka større endring i oppgjerssystemet sitt i 2011.

Noregs Bank overvaker sitt eige oppgjerssystem, NBO. Overvakkinga blir utførd av ei anna avdeling i Noregs Bank enn avdelinga som driv systemet. Noregs Bank legg vekt på at NBO skal vere pålagd minst like strenge krav som dei private sistema som er underlagde tilsyn frå Noregs Bank.

Noregs Bank deltek også i sentralbankane si overvakking av det internasjonale valutaoppgjerssystemet CLS. Federal Reserve Bank (den amerikanske sentralbanken) i New York leier overvakkinga av systemet.

2.1.2 Arbeidet med annan finansiell infrastruktur

Finanstilsynet og Noregs Bank bad hausten 2010 Verdiapirsentralen (VPS) om å vurdere systemet sitt opp mot tilrådingane frå European System of Central Banks (ESCB) og Committee of European Securities Regulators (CESR). VPS sende 30. mars 2012 evalueringa si til Finanstilsynet og Noregs Bank for vurdering.

¹² Sjå <http://www.norges-bank.no/no/finansiell-stabilitet/overvakning/overvakning-av-betalingsystemene/samarbeid-finanstilsynet/>. Same stad finst og eit dokument om rolledeiling og samarbeid om overvakning av verdipapiroppgjerssystem og sentrale motpartar.

Forbetra løysing for oppgjer av statlege betalingar

I løpet av 2011 og første halvår 2012 har Noregs Bank og banknæringa teke i bruk ei ny løysing for inn- og utbetalingar på statens foliomkonto i Noregs Bank. NICS og kontoførarane har lagt om løysingane sine slik at staten gjer opp direkte mot alle bankar og ikkje gjennom bankar som opptrer som kontoførarar for staten. Dermed slepp kontoførarane å stille likviditet til disposisjon for staten ved utbetalingar, og staten reduserer kreditrisikoen sin mot kontoførarane ved at innskota hos desse blir betydeleg lågare gjennom dagen. Oppgåvene til kontoføraren overfor staten er elles ikkje blitt endra. For eksempel fører dei framleis brukskontoane til alle statlege etatar og tek i mot konteringsdata etter oppgjera i NBO.

For å redusere den operasjonelle risiko i omlegginga tok kontoførarane i bruk den nye løysinga på ulike tidspunkt. Dei fyrste starta opp i november 2011 medan den siste tok løysinga i bruk i april 2012. Verken Noregs Bank eller bankane har opplevt operasjonelle problem knytt til den nye løysinga.

Prinsipp for statens konsernkontordning

Ved opprettinga av ordninga blei det lagt til grunn tre hovudprinsipp som framleis gjeld:

- All likviditet som høyrer til staten, skal overførast til statens konto på dagleg basis. Overføring av midlar frå eller til statens konto i Noregs Bank skal skje med bruk av kortaste og enklaste betalingsveg.
- Kontoførarar skal ikkje ha flytintekter¹ ved betalingar til eller frå statlege kontoar. Dette gjeld både flyt som kjem av behandlingstida til tenestetytaren (direkte flyt), og flyt som for eksempel kjem av at mottakaren ikkje får likviditeten på tidspunktet for forfall (indirekte flyt).
- Staten sine innskot står på konto i Noregs Bank, og Noregs Bank tek imot innskot frå og betaler ut til dei andre bankane på vegner av staten.

Gammal og ny løysing

Den gamle løysinga innebar at kontoførarane gjorde opp betalingane på vegner av staten i nettooppgjera. Etter nettooppgjera sat dei igjen med ein posisjon mot staten. Hadde staten ei fordring på ein kontoførar etter eit nettooppgjer, blei beløpet overført til staten sin konto i Noregs Bank etter at nettooppgjeren hadde funne stad. Hadde kontoføraren ei fordring på staten, blei dette godskrive kontoføraren sin konto i Noregs Bank i ettertid.

Ved utbetalingar frå staten måtte dermed kontoførarane forskottere likviditet for staten i nettooppgjeren. Den forskoterte likviditeten tilsvarte storleiken på utbetalingane, for eksempel pensjonar, med unnatak av utbetalingane til kontoføraren sine eigne kundar. Ved innbetalingar mottok kontoførarane betalingar på vegner av staten, for eksempel skatteinntekter, som kom frå betalarar som ikkje var kundar hos kontoføraren.

Med den nye løysinga gjer staten opp direkte med alle bankane i nettooppgjera. Ved innbetalingar mottek dermed staten betalingane frå kvar enkelt bank i nettooppgjeren, utan at oppgjeren går om kontoførarane sine kontoar. Staten kan framleis bli påførd eit tap om ein bank blir insolvent, men eksponeringa er avgrensa til betalingar frå denne banken sine eigne kundar. Tilsvarende blir alle utbetalingar frå staten gjorde direkte til kvar enkelt bank i nettooppgjera, slik at kontoførarane slepp å forskottere desse utbetalingane. Denne løysinga inneber dermed ei forbetring både for staten og kontoførarane. I tillegg blir risikoen for forstyrningar i betalingsoppgjera lågare.

1 Flytinntekter for kontoføraren oppstår når pengar blir overførde frå ein konto til ein annan, og verken betalarar eller mottakaren mottek rente i ein tidsperiode.

Oslo Clearing publiserte den fyrste eigenevalueringa av om deira system oppfyller ESCB-CESR-tilrådingane 30. juni 2011, i tråd med konsesjonkrav frå Finansdepartementet.

16. april 2012 publiserte Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS) og International Organization of Securities Commissions (IOSCO) nye internasjona-

nale prinsipp for finansiell infrastruktur, som omfattar betalingssystem, verdipapiroppgjersystem, verdipapirregister, sentrale motpartar og handelsregister, sjå eiga ramme på side 24. I mai 2012 informerte Noregs Bank i brev dei relevante aktørane om dei nye prinsippa. Noregs Bank vil ta i bruk dei nye prinsippa i overvakinga av og tilsynet med finansiell infrastruktur.

Oppgjersrammer – "caps"

Ved utgangen av 2011 deltok 117 bankar i avrekningane i NICS og oppgjera i Noregs Banks oppgjers-system (NBO) gjennom fire private oppgjersbankar. Dei private oppgjersbankane gjer opp posisjonane til deltakarbankane i etterkant av kvar av dei tre daglege nettooppgjera i NBO. Deltakarbankane sine posisjonar inngår i posisjonane til dei private oppgjersbankane utan at desse stiller krav om dekning i form av innskot eller pant. Vidare garanterer oppgjersbankane for at dei vil gjennomføre oppgjeret for den einskilde deltakarbanken når oppgjeret i NBO er gjennomført. Oppgjersresultatet blir bokført på deltakarbanken sin konto i oppgjersbanken.

Forpliktinga til å gjennomføre oppgjeret for deltakarbankane kan innebere ein monaleg kreditt- og likviditetsrisiko for oppgjersbankane, noko Noregs Bank har peika på i tidlegare årsrapportar om betalings-system.¹ Banknæringa vedtok i 2011 å innføre ei løysing i NICS, såkalla "caps," som legg til rette for at dei private oppgjersbankane kan setje ei grense for eksponeringa si mot dei einskilde deltakarbankane. Om ei slik grense blir brote, kan det føre til forstyrringar i driftsmønsteret for

avrekningars og oppgjera. Oppgjersbankane må derfor ta omsyn både til eigen risiko og til effektiviteten i betalingsformidlinga når dei set nivået på cap-ane. Løysinga skal etter planen takast i bruk i løpet av 2012.

Regelverk og oppfølging

Oppgjersrammene vil bli fastsette for eitt døgn om gongen. I løpet av døgnet kan oppgjersbanken auke rammene, men ikkje redusere dei. Den samla nettoposisjonen for deltakarbanken gjennom dagen må vere innanfor oppgjersramma.² Ved ei cap-overskriding i morgen- eller ettermiddagsavrekninga blir posisjonen utelaten og flytt til neste avrekning. I ettermiddags- og sluttavrekninga blir det sett ein frist for inn-dekning på høvesvis 15 og 30 minuttar. I løpet av denne fristen må oppgjersbanken bestemme om han vil setje ei høgare oppgjersramme for deltakarbanken slik at han kan vere med i oppgjeret. Dersom ramma ikkje blir auka, kan deltakarbanken bli stengd ute frå NICS. Overskridinger kan få alvorlege konsekvensar både for banken og kundane i banke. Men cap-ordninga sørger for likebehandling ved at ingen bankar får gjort opp transaksjonar mot ein bank som har overskride sin cap.

Det må også vere på plass gode rutinar i oppgjersbankane og deltakarbankane i fall ein bank bryt cap-grensa. Det er viktig at deltakarbankane følgjer med på posisjonen sin til dei ulike avrekningane. Oppgjersbanken må raskt kunne få oversikt og ta avgjerd om å eventuelt auke ein bank sin cap, medan deltakarbankane bør ha gode rutinar for å skaffe likviditet frå andre enn oppgjersbanken. At éin bank bryt cap-grensa si, kan føre til at andre deltakarbankar overskrir grensa si, sjølv om dei låg innanfor i den opphavlege avrekninga. Ved slike overskridinger pliktar oppgjersbanken å gjennomføre oppgjer for desse andre bankane.

Noregs Bank er positiv til innføringa av oppgjersrammer, fordi dei vil redusere den risikoen private oppgjersbankar tar på seg i nettooppgjeret. Men Noregs Bank er også svært oppteke av at slike grenser ikkje blir brotne så ofte at det skaper omfattande forstyrringar i betalingsoppgjera. Cap-ordninga bør derfor evaluerast etter ei tid.

1 Sjå for eksempel Noregs Bank (2007).

2 Eksempel: Med cap på 50 millionar kroner kan ein bank ha -20 millionar kroner i morgonavrekninga, -40 millionar kroner i ettermiddagsavrekninga og +10 millionar kroner i sluttavrekninga. Men posisjonen til ettermiddagsavrekninga vil bli seinka og gjord opp i sluttavrekninga.

2.2 Interbanksystema i Noreg

2.2.1 Norwegian Interbank Clearing System (NICS)

I Noreg blir nesten alle betalingstransaksjonar sende til NICS for avrekning før dei blir sende vidare til oppgjer i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO), sjå eiga ramme side 19. Transaksjonane kan anten bli sende enkeltvis til NBO for endeleg oppgjer (NICS brutto) eller dei kan bli avrekna og gjorde opp under eitt (NICS netto).

Gjennomsnittleg dagleg omsetning i NICS var på i overkant av 220 milliardar kroner i 2011. Det er 10 prosent høgare enn i 2010, sjå figur 2.1. Ved utgangen av 2011 deltok 138 bankar i dei daglege avrekningane i NICS.

Drifta i NICS var stabil i 2011. Det var 13 driftsavvik i løpet av året. Det er nokre fleire enn i 2010, men alvorsgraden (talet på feilpoeng) er lågare enn i åra før, sjå figur 2.2.

Noregs Bank har tidlegare evaluert NICS etter internasjonale prinsipp og fann at systemet har ein tilfredsstillande låg risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008). Evalueringa står ved lag også når ein tek omsyn til endringane i systemet dei siste åra. Avrekningane i NICS er ikkje sikra oppgjer i NBO dersom ein av deltakarane ikkje har dekning. Dermed oppfyller NICS og NBO framleis ikkje prinsipp V fullt ut.¹³ Noregs Bank vurderer likevel løysinga bankane har valt for masseoppgjeret, til å vere like føremålstenleg som ei løysing basert på ei sikra gjenomføring av oppgjeret, sjå Noregs Bank (2007) for ei nærmare drøfting.


Enklare å skifte oppgjersbank

I oppgjeret av avrekningane frå NICS er det eit skilje mellom dei 22 bankane som gjer opp posisjonane sine direkte i NBO (nivå 1), og dei andre bankane (nivå 2), som gjer opp via ein privat oppgjersbank. For nivå 2-bankane er det ei ulempe at dei kan bli stengde ute frå opp-


gjeren på kort varsel. Dette kan skje dersom ein privat oppgjersbank ikkje lenger vil la dei delta i oppgjeren, eller fordi den private oppgjersbanken sjølv klarer å oppfylle rolla si som oppgjersbank. For å redusere nivå 2-bankane sin risiko i oppgjera legg Noregs Bank vekt på at det skal vere enkelt å skifte oppgjersbank, ved at banken raskt skal kunne gå frå å vere nivå 2-bank til å bli nivå 1-bank i NBO. Det har dei siste åra blitt arbeidd med løysingar for å gjere eit slikt skifte enklare:

- NICS innførde i 2010 realtidsoppdatering av posisjonane til dei einskilde bankane. Dette gjer det enklare

Figur 2.1 Omsetnad i NICS. Dagleg gjennomsnitt. Milliardar kroner. 2001 – 2011



Figur 2.2 Avvik i NICS-drift. Talet på feil og feilpoeng. 2001 – 2011



13 Prinsipp V seier at eit system med multilateral netting skal, som eit minstekrav, vere i stand til å sikre eit korrekt dagleg oppgjer, sjølv om deltakaren med den største einskilde skyldnaden ikkje kan gjøre opp for seg, sjå CPSS (2001).

Nye internasjonale prinsipp for finansiell infrastruktur

Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS)¹ og International Organization of Securities Commissions (IOSCO)² publiserte 16. april 2012 eit sett av prinsipp for finansiell infrastruktur (Financial Market Infrastructure (FMI)), sjå CPSS-IOSCO (2012).

Ein FMI er definert som eit multilateralt system som blir brukt for å registrere, avrekne eller gjere opp betalingar, verdipapir, derivat eller andre finansielle transaksjonar. Deltakarane i eit slikt system er frå finansiell sektor. Viktige eksempel på finansiell infrastruktur er betalingssystem, verdipapiroppgjersystem, verdipapirregister, sentrale motpartar og handelsregister.

Prinsippa er tilrådingar om korleis ein FMI bør bli utforma og drive. Dei nye prinsippa frå CPSS-IOSCO erstattar dei gamle kjerneprinsippa for betalingssystem (CPSS 2001), prinsippa for verdipapiroppgjersystem og verdipapirsentralar (CPSS-IOSCO 2001 og 2002) og prinsippa for sentrale motpartar (CPSS-IOSCO 2004).

Styremaktene i Noreg og i dei fleste andre land vil ta bruk dei nye prinsippa i overvakinga av og tilsynet med finansiell infrastruktur.

Bakgrunnen for og prosessen med å lage nye prinsipp

Bakgrunnen for at CPSS-IOSCO har utarbeidt nye prinsipp er dels erfaringane med bruken av dei gamle

prinsippa og dels at finansuroa i 2008 og 2009 har sett fokus på handteringa av nokre typar risiko. CPSS-IOSCO understrekar likevel at dei gamle prinsippa verka til at dei ulike finansielle infrastrukturane klarte seg gjennomgåande godt under uroa.

Dei nye prinsippa har vore på open høyring, og CPSS-IOSCO mottok 120 høyringssvar. I Noreg svarte blant andre VPS og Noregs Bank på høyringen. Samstundes med publisering av dei nye prinsippa la CPSS-IOSCO ut to relaterte dokumenta på open høyring:

- Forslag til korleis dei nye prinsippa skal vurderast ("assessment methodology")
- Forslag til krav om korleis FMI-ane skal publisere informasjon ("disclosure framework").

CPSS-IOSCO tek sikte på at endelig versjon av dei to dokumenta blir publisert i løpet av 2012.

Kva er nytt?

I hovudsak vidarefører prinsippa innhaldet i dei tidligare prinsippa. Målet er framleis å verke til robuste og effektive løysingar for finansiell infrastruktur, og redusere risikoen for at finansielle vanskar smittar mellom ulike aktørar i finansmarknadene. Vidare skal også dei nye prinsippa verke til at ingen aktørar blir stengde ute frå infrastrukturen

utan ein god grunn. Prinsippa for den finansielle infrastrukturen er likevel blitt endra på tre måtar:

For det første er det no kome eit sett av prinsipp som er felles for alle typar finansiell infrastruktur, medan det tidlegare var eigne prinsipp for kvar type infrastruktur. Det skal gjere det lettare å sikre større samsvar og konsistens i styremaktene si overvaking av og tilsyn med ulike system. Fordi verksemda til ulike typar infrastruktur er forskjellig, vil likevel ikkje alle prinsipp gjelde alle typar infrastruktur. Eit eksempel på dette er at prinsippa for finansiell risiko ikkje er relevante for handelsregister, som berre registrerer transaksjonar.

For det andre er nokre av prinsippa blitt meir detaljerte og eksplisitte. Det gjeld særleg prinsippet om god styringsstruktur. Det nye prinsippet skal vareta dei same forholda som det gamle prinsippet (klare ansvarsforhold, rapportering mv.), men går lenger, blant anna ved at det er sett opp detaljerte kriterium for korleis styret bør vere samansett når det gjeld den faglege kompetansen og den uavhengige stillinga til medlemene. Også prinsippa for behand-

¹ Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS) er ein komité som overvakar utviklinga i finansiell infrastruktur og som skal bidra til at det blir utvikla meir robuste løysingar. CPSS har representantar frå sentralbankane i G20-landa, og BIS er vertskap for sekretariatet til komiteen.

² International Organization of Securities Commissions (IOSCO) er ein kommisjon som arbeider med å etablere standardar for finansmarknaden. Medlemene er normalt henta frå finanstilsyna i ulike land. IOSCO har medlemer frå meir enn 100 land.

<p>linga av kreditt- og likviditetsrisiko og operasjonell risiko er blitt vesentleg meir detaljerte.</p>	<p>det innanfor ein finansiell infrastruktur er tilstrekkeleg med finansielle ressursar til å halde fram med drifta sjølv om det oppstår tap.</p>	<p>sippet skal føre til at risikoen knytt til dette er kjend og blir handtert på ein god måte.</p>
<p>For det tredje er det kome fem nye prinsipp:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prinsipp for sikkerheitsstilling: Enkelte typar finansiell infrastruktur er eksponert mot sine eigne deltarar. Slike eksponeringar bør ifølgje prinsippet sikrast med eidealar som har god likviditet og låg kredittrisiko. • Prinsipp om forretningsrisiko, som i hovudsak stiller krav som sikrar at 	<ul style="list-style-type: none"> • Prinsipp som gjeld binding mellom ulike FMI-ar: FMI-ar er knytt opp mot kvarandre på fleire måtar, og dette prinsippet stiller krav som skal hindre at problem smittar mellom ulike infrastrukturar. • Prinsipp for indirekte deltaking i eit system (for eksempel ved at ein mindre bank deltek i betalingsoppgjera via ein større bank): Prin- 	<ul style="list-style-type: none"> • Prinsipp om handelsregister: Utvikla økonomiar vil i 2012 få eit lovfesta krav om å registrere finansielle transaksjonar i handelsregister, slik at relevante forvalningsorgan, aktørane sjølv og publikum får tilgang til relevant informasjon. Prinsippet gjer greie for korleis handelsregister skal drive aktiviteten sin.

for bankane å berekne posisjonen som må flyttast til ein ny oppgjersbank ved eit eventuelt skifte.

- Noregs Bank har laga avtalar for at nivå 2-bankar som har konto i Noregs Bank, raskt skal kunne få delta på nivå 1 i oppgjera i NBO.
- Noregs Bank har laga avtalar om beredskapskonto for at nivå 2-bankar utan konto i Noregs Bank enkelt skal kunne få delta i oppgjera i ein krisesituasjon.
- Bankar som deltek i oppgjera i NBO gjennom ein privat oppgjersbank blir oppfordra til å skaffe ein reserve oppgjersbank. NICS følgjer opp dette regelmessig gjennom eigenmeldingane frå bankane.

For at eit skifte av oppgjersbank skal kunne skje raskt, også i ein krisesituasjon, er det naudsynt at løysingane blir testa regelmessig. I november blei kjernesystemet, det vil seie avrekninga i NICS og oppgjeren i NBO, testa. Det er også viktig med testar som omfattar større delar av systemet, slik at dei ulike deltarane får erfaring i å handtere slike situasjoner.

Ei meir effektiv betalingsformidling

Alle bankar i Noreg kan ha konto i Noregs Bank og dermed gjere opp fordringar og gjeld overfor andre bankar i NBO. Det kan som nemnt skje for kvar enkelt betaling (bruttooppgjer) eller på grunnlag av avrekningar mellom fleire bankar i NICS (nettooppgjer). Fordelen med bruttooppgjer er at mottakaren får pengane raskt. Fordelen med nettooppgjer er at likviditetsbehovet for bankane blir redusert monaleg som følge av nettinga. Ei ulempe ved nettooppgjer er likevel at mottakaren må vente på betalinga til etter oppgjera i Noregs Bank. Kor lang denne ventetida blir, avheng av talet på nettooppgjer. Det blir sendt tre daglege avrekningar frå NICS til nettooppgjer i NBO: Morgonavrekninga klokka 05:45, ettermiddagsavrekninga klokka 13:45 og sluttavrekninga klokka 15:45.

Innføringa av ei tredje avrekning i 2010 har gitt ei meir effektiv betalingsformidling. Avrekninga reduserer likviditetsrisikoen samstundes som fleire oppgjær fører til at betalingane kjem raskare fram til mottakaren. Næringsa har også vedteke å innføre eit fjerde oppgjer i løpet av andre halvår 2012. Frå 2013 kan dessutan bankane sine kundar få gjennomføre betalingar utan forseinkingar dersom dei merkjer transaksjonane spesielt, sjå eiga ramme side 9.

Redusert risiko i statens konsernkontoordning (SKK)

Seks bankar gjennomfører betalingstransaksjonar for staten (er kontoførarar). Den 3. november 2011 blei ei ny løysing for overføringar av betalingar til og frå staten teken i bruk. Med den nye løysinga gjer staten direkte opp mot alle bankar i nettooppgjera, sjå eiga ramme side 21. Innføring av ny SKK-løysing var den einaste større systemendringa i NICS i 2011.

2.2.2 Noregs Banks oppgjerssystem (NBO)


Drifta i NBO var stabil i 2011. Systemet var gjennom heile året tilgjengeleg 100 prosent. NBO Online, som gir bankane tilgang til informasjon om kontoane sine, var tilgjengeleg 99,96 prosent. Systemet som registerer bankane si pantsetjing for lån var tilgjengeleg 99,91 prosent.

Den daglege omsetninga i NBO i 2011 var i gjennomsnitt om lag 183 milliardar kroner, sjå figur 2.3. Det er noko høgare enn i 2010, då det var 176 milliardar kroner. Auka verdi i bruttooppgjera stod for mykje av omsetningsveksten.

Den daglege omsetninga i NBO varierer mykje. I 2011, som i dei to førre åra, var omsetninga høgast på dagar med forfall og emisjon av statskassevekslar innanfor bytteordninga mot obligasjonar med førerett (rullering). Rullering skjer på IMM-dagane.¹⁴ Omsetninga i NBO var også i 2009 og 2010 størst på dagane for rullering av statskassevekslar.

Bruttotransaksjonar utgjer hovuddelen av omsetninga i NBO, sjå figur 2.3. Bankar som har konto i NBO, kan sende bruttotransaksjonar anten direkte til NBO eller via NICS. Bankane vel i hovudsak å sende bruttotransaksjonane sine til NICS, som deretter vidaresender transaksjonen til NBO for direkte oppgjær. Av bruttotransaksjonane som blir sende direkte til NBO, utgjer betalingane til og frå valutaoppgjersystemet CLS den største delen. CLS er nærmare omtalt i avsnitt 2.3.5.

Figur 2.3 Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i NBO fordelt på oppgjær.
Milliardar kroner. 2001 – 2011



Gjennomføringa av transaksjonar i NBO krev at avsendarbanken har tilgang til likviditet på kontoen sin i NBO, anten i form av folioinnskot eller unytta lånetilgang, sjå figur 2.4. Noregs Bank endra systemet for styring av bankane sin likviditet med verknad frå 3. oktober 2011. I det nye systemet får bankane berre ein viss innskotssum – ein kvote – forrenta til styringsrenta. Innskot ut over kvoten blir forrenta til ei lågare rente, reserverenta, sjå figur 2.5. Bankane er delte inn i tre grupper, der bankar i same gruppe får same kvote¹⁵, med unnatak av oppgjersbankar, som får større kvotor. Ein ny versjon av oppgjerssystemet blei sett i drift i oktober for å kunne handtere differensierte rentesatsar for bankane sine innskot.

I det nye systemet er bankane sin totalkvote sett til 45 milliardar kroner.¹⁶ Noregs Bank siktar mot å halde reservane i banksystemet i gjennomsnitt på 35 milliardar kroner. Reserverenta er sett 100 basispunkt lågare enn foliorenta. Noregs Bank vil normalt vurdere totalkvoten og fordelinga mellom bankane to gonger i året. Dette blei sist gjort 1. mars 2012.

14 Vanleg brukte forfallsdagar for standardiserte pengemarknadsprodukt.

15 Kvotane blir rekna ut på grunnlag av forvaltningskapitalen i bankane.

16 Sjå Noregs Banks (2012a).

I gjennomsnitt per dag hadde over 20 bankar innskot til reserverenta i fjerde kvartal 2011. Dette var i hovudsak mindre bankar. Dei samla innskota til reserverente har i gjennomsnitt vore noko over 1 milliard kroner om dagen.


Regelverket for kva sikkerheit som blir godteke for bankane sine lån i sentralbanken, skal gi Noregs Bank lågast mogeleg risiko og samstundes leggje til rette for at bankane kan ta opp lån i eit tenleg omfang. Låneverdien av bankane si pantsetjing av verdipapir for lån i Noregs Bank blei redusert frå 274 milliardar kroner ved byrjinga av 2011 til 206 milliardar kroner ved utgangen av året.

Noregs Bank innførde med verknad frå og med 15. februar 2012 nye retningslinjer for pantsetjing av verdipapir og fondspartar som sikkerheit for lån.¹⁷ I tillegg til auka avkortingssatsar fører dei nye retningslinjene mellom anna til at ein del verdipapir og pant ikkje lenger kan brukast som sikkerheit for lån i Noregs Bank. Verdipapir og fondspartar som har vore omfatta av kvoten for bank- og finanspapir, er ikkje lenger gyldige som pant. Det gjeld òg alle verdipapir og fondspartar som blei godkjende etter dei mellombelse retningslinjene som trødde i kraft i samband med finanskrisa hausten 2008, og som ikkje oppfyller krava i dei nye retningslinjene. Dette fekk verknad for i overkant av 300 verdipapir og fondspartar med omtrent 1 000 tilknytte pantsetjingar. Isolert sett blei lånetilgangen for bankane redusert med 15 prosent, eller i overkant av 30 milliardar kroner, som følgje av dei nye retningslinjene. Lånetilgangen kom imidlertid raskt opp igjen fordi det blei pantsett nye verdipapir.

Noregs Bank har evaluert NBO etter internasjonale prinsipp og funne at systemet har ein fullgod låg risiko.


¹⁷ Sjå Noregs Bank (2012b).

Figur 2.4 Bankanes samla innskot og unytta høve til lån i Noregs Bank ved dagslutt. Milliardar kroner. 2011



Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.5 Bankanes samla innskot i Noregs Bank. Sammensexning før og etter det nye kvotesystemet 3. oktober. Milliardar kroner. 2011



Kjelde: Noregs Bank

2.2.3 DNB som privat oppgjersbank

DNB er den største private oppgjersbanken i Noreg. Vinteren 2012 blei talet på bankar i oppgjerssystemet til DNB redusert frå 102 til 100. Rolla som oppgjersbank inneber at DNB overtek posisjonane som deltarbankane har i avrekninga i NICS. Etter at avrekninga i NICS er gjord opp i Noregs Bank, blir deltarbankane sine oppgjerskontoar belasta eller godskrivne i DNB.

Operasjonell svikt i ein bank – konsekvensar for oppgjeret i Noregs Bank

Store norske bankar gjer opp fordriñgar og skyldnader mot kvarandre i Noregs Bank. Dagleg omsetning i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO) er i gjennomsnitt på vel 180 milliardar kroner. Noregs Bank stiller krav om at bankane skal ha dekning før ein transaksjon blir gjord opp. Ein bank kan ha dekning i form av innskot eller lånetilgang (basert på verdipapir som er pantsett til fordel for Noregs Bank).

Storleiken på innskota ein bank har gjennom dagen avheng av rekkjefølga på betalingane som banken sender og mottek. Dersom ein bank mottek ei rekkje store betalingar tidleg på dagen, vil han ha store innskot gjennom dagen. Motsett vil banken få låge innskot dersom han får inngåande betalingar seint på dagen.

Ein operasjonell svikt kan hindre ein bank i å sende transaksjonar til Noregs Bank. Ein slik bank vil motta betalingar i oppgjeret i Noregs Bank utan at han får sendt frå seg betalingane sine. Dette kan føre til at innskota dei andre bankane har i Noregs Bank blir vesentleg reduserte. Kor stor effekten av ein operasjonell svikt blir, avheng av storleiken på banken, kor lenge feilen varer, og når feilen skjer.

Direkte og indirekte effektar

Berge og Christophersen (2011) har gjennomført ei simulering¹ for å finne kor stor effekten kan bli i NBO av ein operasjonell svikt i ein stor norsk bank². Der har ein sett på verknaden av ein operasjonell svikt som varer i høvesvis éin time, fem timer og vel elleve timer (heile dagen).

Det blir skilt mellom *direkte* og *indirekte* effekt. Den direkte effekten får ein ved å slette alle betalingane frå ein bank i ein bestemt periode. Den indirekte effekten får ein ved å sjå i kva grad dette påfører andre bankar ein likviditetssvikt som hindrar dei i å gjere opp eigne transaksjonar. Ein føreset uendra handlingsmønster, slik at bankane held fram med å sende betalingar til problembanken innanfor dei definerte tidsintervallda.

Ein operasjonell svikt vil ha spesielt store direkte effektar for fire av bankane, sjå figur 1. Operasjonell svikt i éin bank fører normalt til ei avgrensa svekking av den samla likviditeten til bankane. I somme tilfelle kan likevel svikten føre til at all tilgjengeleg likviditet blir akkumulert i problembanken. Dersom dei andre bankane får redusert innskota sine kraftig (indirekte effekt), kan oppgjeret av transaksjonane deira bli seinka, sjå figur 2.

Kvífor er effekten avhengig av når svikten skjer?

Effekten av ein operasjonell svikt avheng av kva dag og når på dagen feilen hender. Kva dag det skjer, er viktig av to grunnar. For det fyrste er det store betalingar på visse dagar. Det viktigaste eksempelet er betalingane som er knytte til rulleiring av bytteordninga på IMM-dagane³. På slike dagar mottek deltagarane i bytteordninga oppgjer for vekslar som forfell, og betaler ut for nye vekslar, noko som fører til at omsetninga i NBO blir fleire gonger større enn normalt.⁴

For det andre varierer den strukturelle likviditeten gjennom året. Dette skuldast at staten har innskot over natta i Noregs Bank og ikkje i ein privat bank. Utbetalingar frå staten aukar dermed innskota til bankane i Noregs Bank, medan innbetalingar til staten har motsett effekt. Det disponible beløpet for bankane (innskotssaldo og lånetilgang) i NBO

1 Simuleringane er gjorde med basis i transaksjonane bankane sende til NBO i 2010, og omfattar nærmare 300 000 transaksjonar.

2 I simuleringa er det sett på kor stor effekt det vil ha om éin av dei 21 største bankane i Noreg ikkje kan sende betalingar.

3 Vanleg brukte forfallsdagar for standardiserte pengemarknadsprodukt.

4 Sjå månadsrapportar frå Noregs Bank Finansiell stabilitet, <http://www.norges-bank.no/no/finansiell-stabilitet/norges-banks-oppgjorssystem/manedsrporter-nbo-og-sil/>

varierte mellom 200 og 300 milliarder kroner gjennom 2011, sjå figur 2.4 på side 27. Figur 3 viser at det blir større forseinkingar som følge av ein operasjonell svikt dess lågare det disponible beløpet i NBO er.


Tidspunktet på dagen for eit avvik er viktig fordi bankane sender betalingar rundt visse klokkeslett. Betalingar knytte til avrekningar og til valutahandelen i bankane blir i hovudsak gjorde på morgonen.

Andre store betalingar blir gjorde rundt klokka eitt på ettermiddagen. Figur 4 viser kor store forseinkingar som oppstår i gjennomsnitt dersom ein bank ikkje kan sende betalingar i kortare eller lengre periodar gjennom dagen. Avvik som oppstår tidleg på dagen, skaper stort forseinking.

Simuleringane viser at fire av dei 21 bankane som deltek i NBO, er særlig viktige i den forstand at ein ope-

rasjonell svikt i banken vil få konsekvensar for resten av bankane. Konsekvensane avheng av aktiviteten og den tilgjengelege likviditeten i systemet på tidspunktet når svikten hender. Analysen til Berge og Christophersen viser òg at ein kan redusere konsekvensane monaleg der som bankane endrar handlingsmønster ved raskt å utsetje betalingane sine til problembanken.


Figur 1 Verdi av betalingar som blir direkte ramma av eit operasjonelt problem¹⁾. Milliardar kroner



1) Operasjonelt problem som varer 1 time, 5 timer og heile dagen. Del 21 bankane er sortert etter verdien på betalingane som ikkje blir levert.

Kjelde: Noregs Bank


Figur 2 Likviditetsopphopning ved eit operasjonelt problem som varer 1 time, 5 timer og heile dagen¹⁾



1) Dei 21 bankane er sortert etter likviditetsopphopning i høve til samla likviditet ved dagens start.

Kjelde: Noregs Bank

Figur 3 Venta smitteeffekt (forseinking) for ulike nivå av likviditet.¹⁾ Gjennomsnittleg transaksjonsverdi. 1 minutt



1) Figuren syner ein klar nedgang i venta betalingsforsenkning når likviditeten i systemet aukar. Ein samla likviditet under 200 milliardar kroner gjev typisk ein forseinking på meir enn 3 minutt, medan ein samla likviditet over 300 milliardar kroner fører til ei forseinking på mindre enn 1 minutt.

Kjelde: Noregs Bank

Figur 4 Maksimal venta smitte (forseinking) for andre bankar som følgje av klokkeslett og det operasjonelle problemet si vangheit. 1 minutt

Start	06:29	07:29	08:29	09:29	10:29	11:29	12:29	13:29	14:29	15:29	16:29
Slutt	03:16	10:25	17:16	24:24	31:20	35:06	36:45	37:07	37:14	37:54	39:04
06:29	00:06	01:41	06:51	13:17	17:56	17:56	17:58	18:47	23:30	31:06	
07:29	00:31	02:50	05:20	07:44	12:06	17:55	18:47	23:30	31:06		
08:29	01:14	03:44	06:30	12:06	17:55	18:05	18:15	26:02			
09:29	03:36	05:52	12:06	17:55	18:05	18:15	26:02				
10:29	00:58	03:10	06:08	11:48	18:13	26:02					
11:29	02:53	06:08	11:48	18:13							
12:29	02:29	08:33	15:13	23:14							
13:29	00:19	01:52	06:11								
14:29	01:52	06:11									
15:29											00:00

Kjelde: Noregs Bank

Drift av betalingssystemet under finansiell krise i enkeltbankar

Nasjonalt og internasjonalt har det dei siste åra vore eit auka fokus på handtering av bankar under kriser. Målet er å finne løysingar som legg til rette for å kunne avvikle ein bank samstundes som dei systemviktige funksjonane i banken blir utførde, og utan at offentleg sektor blir påført omfattande utgifter. Eit eksempel på ein systemviktig funksjon er den rolla ein bank har i betalingsformidlinga.

Med dagens lovverk er oppkapitalisering og offentleg administrasjon dei einaste verktya for å handtere ein bank i krisa. Oppkapitalisering inneber at banken kan drive vidare og fortsetje å tilby betalingstjenester. Under offentleg administrasjon vil ikkje banken kunne delta i betalingsformidlinga. Dette har fleire grunnar. Idet banken blir sett under offentleg administrasjon, vil Noregs Bank avslutte oppgjerskontoen, og høvet banken har til å låne i Noregs Bank, vil falle bort. Vidare vil banken bli sperra i NICS, slik at alle transaksjonar til eller frå banken blir avviste.

Det er derfor ei utfordring å sikre kundane til ein bank under offentleg

administrasjon tilgang til innskota sine. Ei løysing på denne utfordringa må ha to element. Det første er at banken må skaffe oversikt over alle garanterte innskot, det vil seie innskot som ikkje skal bere tap når banken blir sett under offentleg administrasjon. Finanstilsynet (2010) krev at bankane skal kunne skaffe fram slik informasjon på fem dagar.

Det andre elementet er at kundane må få tilgang til dei garanterte innskota. Dette kan grovt sett gjerast på tre ulike måtar:

- Kundane i banken får overført dei garanterte innskota til ein annan bank eller mottek ein utbetalingsblankett for det garanterte innskotet.
- Bankane sine avtalar i NICS og Noregs Bank blir endra slik at ein bank under offentleg administrasjon kan delta i betalingsformidlinga.
- Det blir oppretta ein eigen krisebank med tilgang til betalingssystemet, for eksempel ein "brubank", der dei garanterte innskota blir plasserte.¹

Med dagens lover og avtalar er det berre det fyrste alternativet som heilt klart kan brukast. Det andre alternativet føreset at NICS og Noregs Bank, eller eventuelt ein privat oppgjersbank, endrar avtalane sine slik at ein bank under offentleg administrasjon kan delta i betalingsformidlinga.

Banksikringslova § 4-8 gir ei viss opning for at det tredje alternativet også kan brukast, men det norske lovverket gir ikkje styresmaktene eksplisitte fullmakter til å dele opp og selje ein institusjon. Det er heller ingen føresegner om etablering av ein brubank. Noregs Bank har teke til orde for at ein bør innføre slike føresegner i det norske lovverket.² Ei eventuell løysing med brubank krev at ein bank blir delt opp i løpet av kort tid, og dette kan berre gjerast på ein forsvarleg måte om både styresmaktene og bankane er tilstrekkeleg førebudde.³

1 Ein brubank tek mellombels over balansepostane frå ein krisebank og held fram med dei sentrale banktenestene.

2 Sjå Noregs Bank (2010).

3 Sjå Søvik (2011).

DNB tilbyr også oppgjer av enkelttransaksjonar mellom bankar i tillegg til oppgjeret av transaksjonane som blir avrekna i NICS.

For å avgrense risikoen knytt til rolla som oppgjersbank har DNB sett kredittrammer for deltakarbankane. Dei samla rammene var ved utgangen av 2011 på 9,5 milliardar kroner. Fordi det ikkje var etablert ein dekningskontroll, har DNB hatt ein risiko knytt til at deltakarbankane sine posisjonar kan bli større enn rammene dei har fått. Denne risikoen vil bli fjerna når det blir innført oppgjersrammer (caps) for bankane på nivå 2.

Risikoen er blitt redusert også for deltakarbankane til DNB. Nokre av bankane har tidlegare avrekna transaksjonane i bankdatasentralen SDC. Løysinga innebar at enkelte betalingar blei krediterte kontoen til kundane før oppgjeret mellom bankane fann stad. Dette innebar ein kreditrisiko for bankane, sjá for eksempel Noregs Bank (2002). Denne ordninga blei avvikla i 2011. Deltakarbankane sender no alle transaksjonar til avrekninga i NICS.

Oppgjerssystemet til DNB har både i 2011 og åra før vore stabilt med få feil. Banken meldte i 2011 om eitt avvik, som ikkje var særleg alvorleg.

Som ein del av tilsynsarbeidet har Noregs Bank tidlegare evaluert systemet til DNB etter internasjonale prinsipp, og konkluderte då med at systemet har ein tilfredsstilande låg risiko, sjá Noregs Bank (2007 og 2008). Systemet er ikkje endra i særleg grad dei siste åra, og evalueringa gjeld framleis.

2.2.4 Mindre oppgjerssystem

Sparebank 1 SMN er oppgjersbank for 11 små og mellomstore bankar. Systemet er friteke for konsesjonsplikt fordi det har vore vurdert som mindre viktig for den finansielle stabiliteten i Noreg. Noregs Bank fører dermed ikkje tilsyn med systemet, men det er årlege overvakingsmøte som tek utgangspunkt i ein årsrapport frå SpareBank 1 SMN.

2.3 Oppgjerssystem for verdipapir- og valutahandel

2.3.1 Verdipapirhandel og verdipapiroppgjer i Noreg

Lågare marknadsdel for Oslo Børs

EU-direktivet «Markets in Financial Instruments Directive» (MiFID) har ført til vesentlege endringar i den europeiske aksjemarknaden. MiFID la for det første til rette for framvoksteren av nye alternative marknadsplassar (Multilateral Handelsfasilitet – MHF¹⁸), og for det andre at meir av handelen kunne skje skjult. Dette har ført til at aksjehandelen i Europa er blitt meir fragmentert, og at Oslo Børs og andre børsar i Europa har mist vesentlege marknadsdelar til MHF-ar, som generelt er svært konkurransedyktige på kostnader. Endringar i handelsmønsteret for norske aksjar påverkar oppgjersvolum og korleis transaksjonane blir sende inn til oppgjer i VPS og Noregs Bank, sjá figur 2.6.

Oslo Børs har opplevt ein reduksjon i marknadsdelen for handel i norske aksjar frå nær 100 prosent ved inngangen til 2009 til om lag 68 prosent hittil i år. Det er særleg BATS Chi-X Europe og Stockholmsbørsen som har tatt marknadsdelar frå Oslo Børs.¹⁹ Tek ein med handelen i norske aksjar utanom regulerte marknadsplassar²⁰, er marknadsdelen til Oslo Børs om lag 50 prosent hittil i år.

Endringar i handelsmønster: Algoritmehandel

Eit anna viktig utviklingstrekk dei siste åra er at aksjehandel i aukande grad skjer ved hjelp av datamaskiner som automatisk genererer ordre basert på algoritmar. Dei mest aggressive algoritmane er dei som blir karakteriserte som «High Frequency Trading» (HFT). Desse søker å oppnå gevinstar på handleprosessen, har ein ekstremt kort tidshorisont og tek sjeldan posisjoner over natta. Den andre typen algoritmar blir brukt av større (institusjonelle) investorar for å minimere handelskostnadene ved

18 Ein MHF er ein organisert marknadsplattform drive av bankar mv, jf. verdipapirhandellova kapittel 11.

19 http://www.batstrading.co.uk/market_data/market_share/market/

20 Rapportert til Markit BOAT, som er ei plattform som mange marknadsaktørar og MHF-ar bruker for å rapportere OTC-handlane sine. <http://www.markit.com/en/products/data/boat-boat-data.page>


å dele opp orden i mindre delar og sende ordre til mange forskjellige marknadsplassar (for eksempel «smart order routers» (SOR)). Fram til april 2010 måtte handelsordre på Oslo Børs omfatte eit viss tal på aksjar (ein såkalla aksjepost). Nå kan ein derimot legge inn eit fritt tall på aksjar, men minimum éin. Oslo Børs planlegg å innføre eit raskare handelssystem som er betre tilrettelagt for algoritmehandel i fjerde kvartal 2012.

Fleire studiar tyder på at HFT har redusert forskjellen mellom kjøps- og salspris (spread), men at volumet som kan handlast på dei beste kjøps- og salsprisane har blitt mindre. På den andre sida viser studiar at den aggregerte likviditeten på kryss av marknadsplassar er blitt betre som følgje av fragmentering. For store investorar er kombinasjonen av auka HFT-aktivitet og lågare marknadsdjupn på dei beste prisane ei utfordring. Som følgje av dette har det vore ei utvikling mot at ein aukande del av handelen blir gjennomført skjult i såkalla «dark pools». Dette kan vere meklarnettverk utanom organiserte marknadsplassar (f. eks. Liquidnet), men også handel via skjulte ordrar på regulerte marknadsplassar/børsar. Oslo Børs starta i september 2011 marknadsføring av ein slik funksjon i børsen sitt handelssystem TradElect. Ifølge Oslo Børs er dette eit tilbod til investorar som ønskjer å gjennomføre store ordrar utan å måtte dele opp orden i mange mindre bitar.

Det er ein god del uro knytt til den dramatiske auken i HFT-aktivitet, noko som på sikt vil kunne føre til at tiliten til marknadsplassane fell. For å få auka transparens er det utarbeidd forslag (MiFID II) som stiller strengare krav til HFT samt rapportering og innsyn i «dark pools».

Endringane i handelsmønsteret har gitt fleire mindre aksjehandlar på Oslo Børs, ei utvikling som heldt fram i 2011, sjå figur 2.7. Talet på daglege aksjetransaksjonar utførde på Oslo Børs auka frå i gjennomsnitt om lag 75 000 i 2010 til om lag 90 000 i 2011, medan verdien av handelen blei redusert frå 7 til 6 milliardar kroner per dag. Utanlandske investorar stod i april 2012 for 92 prosent av aksjeomsetnaden (målt i verdi), medan norske investorar stod for dei resterande 8 prosenta. Det er 55 medlemmer på Oslo Børs for aksjehandel, av desse er 33 fjernmedlemer ved utgangen av 2011. Sidan august 2010


Figur 2.6 Aksjar – handel og oppgjer i NOK på ulike marknadsplassar¹



1) Figuren gjev ikkje eit fullstendig bilde.

Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.7 Talet på transaksjonar og verdi av aksjeomsetnad på Oslo Børs. Dagleg gjennomsnitt. 2006 – 2011



har all aksjehandel på Oslo Børs blitt gjord opp gjennom den sentrale motparten Oslo Clearing, sjå kapittel 2.3.3.

Verdipapiroppgjør

I verdipapiroppgjøreret (VPO) blir betalingar for handlar med aksjar, eigenkapitalprov, sertifikat og obligasjoner gjord opp, sjå eiga ramme side 19. Det skjer to nettooppgjer per dag; om lag kl. 06.00 og kl. 12.00. I 2011 stod morgenoppgjøreret for om lag 81 prosent av det daglege volumet. Det gjennomsnittlege beløpet som blei gjord opp i VPO per dag i 2011 var 4,5 milliardar kroner. Fordi det skjer netting både i Oslo Clearing og VPS, blir oppgjersumane i VPO relativt små i forhold til handels-

volumet. Ved utgangen av 2011 blei 96,2 prosent av transaksjonane i VPO gjorde opp på avtalt dag.

I tillegg til aksjehandelen på Oslo Børs blir det omsett norske aksjar i norske kroner på fleire utanlandske marknadsplassar som brukar ulike utanlandske sentrale motpartar (Central Counterparties (CCP-ar)), sjå kapittel 2.3.3. Desse CCP-ane deltek ikkje i VPO. Deira posisjonar i norske kroner blir derfor sende via visse bankar som er VPO-deltakarar, sjå figur 2.6.

Transaksjonane blir melde inn til oppgjer i VPO i bankane sitt namn. Det betyr at dei forpliktar seg til å stille likviditet for transaksjonane frå dei utanlandske CCP-ane. I andre land er det vanleg at verdipapirsentralen tilbyr ei form for oppgjer av verdipapirhandlar enkeltvis (brutto) kombinert med ulike former for likviditetsoptimering/ netting. VPS har ikkje planar om å innføre bruttooppgjer, men vurderer å foreslå eit ekstra nettooppgjer på ettermiddagen, eller eventuelt flytte det siste nettooppgjeret (som i dag skjer kl. 12.00) til seinare på dagen. Under dagens reglar kan ikkje ein bank under administrasjon ta del i VPO eller NBO. Reglane er til vurdering, sjå Noregs Bank (2011b).

2.3.2. Status i Target2-Securities (T2S)-prosjektet

For å fremje ein felles verdipapirmarknad i Europa har ESB/Eurosystemet²¹ etablert prosjektet T2S. T2S skal vere ei felles IT-løysing som verdipapirregister og sentralbankar kan bruke for oppgjer av verdipapir som blir handla i euro og andre europeiske valutaer. Dersom VPS og Noregs Bank skal delta i T2S, vil Eurosystemet stå for teknisk drift av det norske verdipapiroppgjeret.²² Andre tenester som VPS tilbyr i dag, for eksempel utferdar- og investortenester, vil i utgangspunktet ikkje bli påverka.

Planlagd oppstart av T2S er utsett to gonger, først frå juni 2013 til september 2014 og så til juni 2015. Verdipapirregistera skal knyte seg til ordninga i puljar fram til års-

skiftet 2016/2017. I 2010 og 2011 forhandla ESB/Eurosystemet med 30 verdipapirregister og fleire sentralbankar utanfor eurosona om deltaking. Både VPS og Noregs Bank deltok i forhandlingane.

ESB godkjende 17. november 2011 avtaleteksta til verdipapirregistera («Framework Agreement»).²³ ESB inviterte alle verdipapirregistera som hadde delteke i forhandlingane til å signere våren 2012. ESB godkjende 23. februar 2012 avtaleteksta med sentralbankar utanfor eurosona («Currency Participation Agreement») og bad desse sentralbankane om å signere fyrste halvår 2012.

VPS vurderte hausten 2011 i dialog med FNO, Norges Fondsmeglerforbund, Verdipapirfondenes forening, Oslo Clearing og Oslo Børs om verdipapir i norske kroner bør gjerast opp i T2S. På bakgrunn av denne prosessen vedtok VPS at selskapet er positiv til å knyte seg til T2S.²⁴ VPS har likevel etter ei samla vurdering, og i tråd med tilrådinga frå aktørane som deltek i verdipapiroppgjeret, vedteke å arbeide for tilknyting til T2S først på ein seinare tidspunkt, mest truleg 2018/2019. VPS vil halde fram å vurdere korleis T2S-plattforma skal utnyttast. Denne avgjerda inneber at VPS førebels ikkje signerer nokon avtale med ESB.

Om Noregs Bank skal delta, må det vere etterspurnad frå aktørane i marknaden, samt at Noregs Bank sine interesser er tilfredsstillande varetekne i deltakarvilkåra. I vurderinga må ein derfor ta omsyn til finansiell stabilitet og gjennomføringa av pengepolitikken, og om Noregs Banks eigen risiko er føremålstenleg avtaleregulert. Gitt synet til aktørane i den norske marknaden er det ikkje grunnlag for at Noregs Bank nå vurderer å leggje til rette for oppgjer av handlar i norske kroner i T2S. Noregs Bank har gitt melding om dette til ESB i brev av 10. mai i år.

Andre europeiske sentralbankar utanfor eurosonen har også vurdert dette spørsmålet. Sentralbankane i Sveits og Storbritannia har vedteke å ikkje delta i T2S. Sveriges riksbank og den islandske sentralbanken har meldt til ESB

21 Eurosystemet omfattar Den europeiske sentralbanken (ESB) og sentralbankane i land som har euro som nasjonalt betalingsmiddel.

22 Sjå Husevåg (2010).

23 <http://www.ecb.int/paym/t2s/about/spotlight/html/index.en.html>

24 Sjå VPS (2012).

at dei ikkje vil signere i denne omgangen, men at dei vil vurdere å delta på eit seinare tidspunkt. Danmarks Nationalbank ønskjer å signere under føresetnad at dei får utsetjing til 2018 for danske kroner.

Noregs Bank har i 2011 organisert ei referansegruppe for T2S «National User Group» (NUG) saman med VPS. Gruppa har om lag 25 medlemer frå VPS, bankar, verdipapirføretak og forvaltingsselskap for verdipapirfond. Finanstilsynet er observatør. Møtereferat blir publiserte på www.ecb.int slik som for andre land. Gruppa har hatt fire møte i året mellom anna for å førebu innspel frå den norske marknaden til T2S «Advisory Group» (AG). AG gir råd til styret i ESB i T2S-saker og har om lag 80 medlemer frå alle potensielle deltarland. Dei tre norske medlemene er frå VPS, Noregs Bank og DNB. T2S-prosjektet har lagt opp til at verdipapirregister og sentralbankar utanfor euroområdet som ikkje signerer avtalane fyrste halvår 2012, ikkje lenger får delta i organ der marknadsaktørane kan påverke prosjektet.


Det er etablert ei gruppe av tilsynsorgan og sentralbankar i land som vurderer å delta i T2S, som skal samarbeide om overvaking av og tilsyn med T2S. Gruppa blir leia av ESB og ESMA, og 47 institusjonar deltek. Både Noregs Bank og Finanstilsynet er formelt deltarar, men det blei ikkje organisert noko møte i 2011.

2.3.3 Sentral motpart i aksjehandel på Oslo Børs

Ein sentral motpart («Central Counterparty» – CCP) er ein institusjon som trer inn i ein handel mellom kjøpar og seljar. Den opphavlege kontrakten mellom desse blir erstatta med to nye: ein kontrakt mellom kjøpar og kjøparen sin CCP og ein mellom seljar og seljaren sin CCP. Kjøpar og seljar kan bruke kvar sin CCP, sjå figur 2.8.

27. august 2010 innførde Oslo Børs pliktig bruk av CCP i oppgjør av all handel med eigenkapitalinstrument (aksjar mv.). Oslo Clearing er førebels den einaste CCP-en på børsen, men Finansdepartementet stiller som konsesjonskrav at børsen tilbyr minst to CCP-ar innan utgangen av 2012.

Figur 2.8 Verdipapirhandel med sentral motpart



Kjelde: Noregs Bank

Alle aksjehandlar på Oslo Børs blir no melde til Oslo Clearing, som for kvart verdipapirføretak reknar ut nettoposisjon i pengar og for kvar enkelt aksje. Desse nettoposisjonane blir så sende til VPS for avrekning og oppgjør i verdipapiroppgjernet, VPO. Oslo Clearing deltek i VPO med eigen konto i Noregs Bank. Talet på transaksjonar i VPO var 11,5 millionar i 2011, ein nedgang på 63 prosent i forhold til 2010 og 73 prosent i forhold til 2009. Det har ikkje vore nemnande tekniske problem ved drifta av Oslo Clearing.

Innføring av CCP-ar på marknadsplassar for aksjar gjer at alle som deltek direkte i handelen, må vere medlem av ein CCP (direkte eller indirekte). Kjøparar og seljarar er ikkje eksponerte overfor kvarandre, men berre overfor sin CCP. Dersom ein CCP-medlem blir insolvent, må CCP-en oppfylle oppgjerspliktene. Sidan alle marknadsdeltakarane er eksponerte overfor ein eller fleire CCP-ar, er det viktig for finansiell stabilitet at slike CCP-ar er solide og effektive.

Finansdepartementet har derfor stilt som konsesjonskrav at Oslo Clearing kvart år offentleggjer ei eigenevaluering av om institusjonen oppfyller internasjonale tilrådingar frå ESCB-CESR.²⁵ Desse tilrådingane oppgir korleis CCP-ar skal drive effektivt og med god risikohandtering.

²⁵ Sjå ESCB-CESR (2009).

Tilrådingane dreier seg mellom anna om den sikkerheita medlemene må stille overfor CCP-en. Ein CCP skal kunne tolke insolvens hos den deltakaren den er mest eksponert overfor, sjølv under ekstreme, men ikkje utenkjelege marknadstilhøve. Dessutan blir det tilrådd korleis CCP-ar skal samhandle om oppgjer av kontraktar der kjøpar og seljar har kvar sin CCP.

Oslo Clearing publiserte si fyrste eigenevaluering 30. juni 2011. Oslo Clearing meiner at selskapet oppfyller alle relevante tilrådingar både for aksje- og derivatverksemda og grunngir dette i ein rapport som er publisert på nettsida deira.²⁶

Planar om fleire CCP-ar ved Oslo Børs

Oslo Børs har inngått ein intensjonsavtale med Londonbaserte LCH.Clearnet om clearingsamarbeid. Når det blir to eller fleire CCP-ar på Oslo Børs, står seljar og kjøpar fritt til å velje kvar sin CCP. CCP-ane må då samhandle, samstundes som dei er konkurrentar. Oslo Børs har som ambisjon å tilby ein alternativ CCP til Oslo Clearing i fjerde kvartal 2012 samstundes med at børsen tek i bruk Londonbørsens nye handelssystem Millennium Exchange.

Under dagens reglar må utanlandske CCP-ar søkje norske styresmakter om løyve til å drive verksemd i Noreg. Dessutan må styresmaktene både i Noreg og heimlandet vurdere risikoene ved samhandling mellom dei to CCP-ane. Dersom ein utanlandsk CCP først blir tilknytt Oslo Børs etter innføring av ny EU-regulering (sjå omtale av EMIR i avsnitt 2.3.4), treng selskapet ikkje søkje norske styresmakter om løyve. Ein konsesjon frå heimlandet vil då gjelde for heile EU/EØS-området.

Dei fleste av medlemene i Oslo Clearing er internasjonale bankar som også er medlemer av andre CCP-ar i andre land. Dersom desse bankane kan gjere opp handlar på Oslo Børs via den/dei same CCP-en/-ane som dei brukar på andre marknadsplassar, opnar det for at deira CCP kan rekne ut eit netto sikringskrav (margin) som

gjeld både for handlar på Oslo Børs og på andre marknadsplassar. Det kan då bli billigare for internasjonale aktørar å gjere opp handlar på Oslo Børs. Den største marknadsplassen for aksjar i Europa, BATS Chi-X Europe, er frå 6. januar 2012 tilknytt fire CCP-ar. Nasdaq OMX Nordic (børsane i Norden utanom Noreg) har i dag ein CCP for aksjar, nederlandske EMCF. Planen var å ha tilknyting til endå to CCP-ar frå april 2012, men dette er blitt utsett medan ein ventar på godkjenning frå styremaktene.²⁷

2.3.4 Nytt EØS-regelverk

Regelverk for sentrale motpartar (CCP-ar)

EU-parlamentet vedtok 29. mars 2012 ei ny regulering, «European Market Infrastructure Regulation» (EMIR)²⁸. Reguleringa omfattar mellom anna obligatorisk bruk av CCP for handel utanom børs med ei rekke unoterte derivat, og krav om rapportering av handlane. EU-rådet vil venteleg slutte seg til vedtaket frå parlamentet. Reguleringa gir omfattande oppgåver til European Securities Market Authority (ESMA). ESMA skal utforme ei stor mengd bindande tekniske standardar knytte til reguleringa. ESMA skal både definere kva slag derivatkontrakter som skal kome inn under kravet om å bruke CCP (sjå eiga ramme side 38), og etablere standardar for tilsynet med CCP-ar. Finanstilsynet deltek i ESMA sitt arbeid med dette.

Nytt regelverk for verdipapirregister

EU-kommisjonen har i 2010 og 2011 arbeidd med ei forordning for verdipapirregister. Finansdepartementet og Finanstilsynet har delteke i arbeidsgruppa som EU-kommisjonen sette ned for å utarbeide forslaget til det nye regelverket. Eit forslag blei sendt på høyring med høyringsfrist 1. mars 2011. Basert på høyringssvara utarbeidde EU-kommisjonen eit nytt forslag som blei publisert i februar 2012.

27 Sjå nyhendemelding 26. mars 2012, <http://www.nasdaqomxnordic.com/nyheter/pressesenter>

28 Det offisielle namnet er «Regulation on OTC-derivatives, central counterparties and trade repositories».

sert 7. mars 2012.²⁹ ESMA skal lage tilhøyrande standar-
dar innan 2014, og iverksetjing vil bli i 2015.

Forslaget frå 7. mars inneber i likskap med det opphav-
lege utkastet at eit verdipapirregister med konsesjon i eitt
EU/EØS-land, kan yte tenester i heile EU/EØS, inkludert
tenester for utferdarar av verdipapir. Saman med T2S
nemnt over, opnar dette for at VPS om noko få år kan
møte konkurranse frå eit eller fleire utanlandske verdi-
papirregister som vil tilby tenester i Noreg.

2.3.5 Valutaoppgjerssystemet CLS

CLS Bank er ein internasjonal bank som er spesialisert
på oppgjer av handel med valuta. CLS starta verksemda
si i 2002. Kreditrisikoen i dei handlane som CLS tek til
oppgjer, er eliminert ved at systemet sørger for at dei to
delane av ein valutahandelsavtale blir gjorde opp sam-
stundes.³⁰ CLS gjer i dag opp handel i 17 valutaer, og har
ein andel på 68 prosent av all valutahandel i verda gjort
i desse valutaene. CLS arbeider også med å få med fleire
valutaer, og har ei liste med 19 valutaer som CLS ser som
aktuelle på litt sikt.

CLS Bank held til i New York og er under tilsyn av New
York-avdelinga av den amerikanske sentralbanken (NY
Fed). CLS Bank blir overvaka av NY Fed i samarbeid
med sentralbankane for dei andre valutaene som blir
gjorde opp i CLS. CLS publiserte i 2011 si eiga vurdering
av systemet sitt, basert på prinsippa til CPSS.³¹ CLS finn
at ein ikkje oppfyller prinsippet om styringsstruktur fullt
ut, og har endra vurderinga frå heilt oppfylt for to år sidan
til delvis oppfylt i dag.

For å adressere forholda som det blei peika på i eigen-
vurderinga, har CLS sett i verk eit program for å betre
styringsstrukturen. Eit viktig tiltak er at talet på uavhen-
gige medlemer i styret er auka. Styret i CLS har dessutan
sett ned ein komité som skal sjå på strategiske spørsmål

og spørsmål knytt til styresmaktene si regulering. På
denne måten vil ein sikre at CLS forstår det endra ram-
meverket for styresmaktene si regulering og kan tilpasse
seg utviklinga i finansmarknaden. CLS meldte 16. april
2012 frå om at leiaren frå CLS vil gå av i slutten av april,
og at leiaren for styret overtek mellombels som ny leiari
for CLS.³²

Aktørane deltek i oppgjeren i CLS som oppgjersmedlem
eller tredjepart. Medan oppgjersmedlemene sjølv står for
inn- og utbetalingar til CLS, brukar tredjepartar ein opp-
gjersmedlem til dette. Ved utgangen av 2011 var det 63
direkte oppgjersmedlemer i CLS, to fleire enn året før.
Sida 2008 har talet på tredjepartar auka frå 4 154 til
15 468. Alle oppgjersmedlemer er bankar, medan eit klart
fleirtal av tredjepartane er investeringsfond. I Noreg er
det ein norsk oppgjersmedlem (DNB) og tre andre bankar
som betaler inn norske kroner til CLS gjennom norske
filialar/datterbankar (Nordea Bank Norge, Danske Bank/
Fokus Bank og Skandinaviska Enskilda Banken).

Omsetninga i CLS har auka mykje dei siste åra. I 2011
har CLS i gjennomsnitt gjort opp vel 400 000 transaksjo-
nar kvar dag, og gjennomsnittleg omsett volum tilsvarer
om lag 27 000 milliardar norske kroner per dag. Valuta-
ene som blir handla mest, er amerikanske dollar, som inngår i 45 prosent av handlane, og euro, som inngår i 20
prosent. Norske kroner står for om lag éin prosent av
handlane. Dagleg gjennomsnittleg brutto omsetning av
norske kroner i CLS var vel 298 milliardar kroner i 2011.
Figur 2.9 syner utviklinga av oppgjær av handel med nor-
ske kroner i CLS.

CLS har lagt til rette for at bankane sine innbetalingar til
CLS skal vere små samanlikna med omsetninga. Medan
omsetninga skjer brutto i CLS Bank, blir innbetalings-
skyldnadene avrekna slik at bankane får ein nettoposisjon
i kvar valuta. I tillegg tilbyr CLS ei teneste som gjer at
bankane kan handle ned innbetalingsforpliktingane sine
gjennom å byte valuta seg imellom. Bankane set ei
grense for kor stor skyldnad dei vil ha i ulike valutaer, og

29 http://ec.europa.eu/internal_market/financial-markets/docs/COM_2012_73_en.pdf

30 Ofte omtalt som PvP, «Payment versus Payment» eller betaling mot betaling.


31 <http://www.cls-group.com/About/Documents/CLS%20Bank%20-%20Core%20Principles%20Assessment.pdf>

32 <http://www.cls-group.com/Media/Pages/NewsArticle.aspx?id=95>

så finn CLS motpartar som dei kan handle ned skyldna-dene sine mot. I 2011 var netto likviditet ut og inn i NBO mellom to og tre prosent³³ av det handla volumet, jf. figur 2.9.

³³ I 2011 utgjorde dei daglege inn- og utbetalingane i norske kroner gjennomsnittleg 7 milliardar (blå kurve, høgre akse), medan dagleg handla volum var på gjennomsnittleg 298 milliardar kroner (rød kurve, venstre akse).

Figur 2.9 Verdi dagleg oppgjer i CLS der NOK inngår, og inn- og utbetalingar i NOK. Månadleg gjennomsnitt. Milliardar NOK. 2006 – 2011



Kjelder: CLS og Noregs Bank

Tiltak for å redusere risiko som er knytt til OTC-derivat

Under finanskrisa blei det avdekt uheldige sider ved infrastrukturen i marknadene for derivat som blir handla utanfor børs (såkalla "Over the counter" – OTC). Aktørane klarte ikkje å få avvikla og gjort opp somme typar derivatkontraktar, og styremaktene hadde avgrensa informasjon om kor store eksponeringar det var mellom aktørane. Dette førte til auka systemrisiko og offentlege redningspakkar for viktige institusjonar i desse marknadene.

Leiarane for G-20 vedtok derfor i 2009 tiltak som skal redusere risikoen og betre oversikta over marknadene for OTC-derivat. I EØS er dette følgt opp ved at EU-kommisjonen har lagt fram eit forslag til regulering av OTC-derivat. Nærmore detaljar knytte til krava vil bli utforma av European Securities and Market Autority (ESMA). Krava vil etter planen tre i kraft 1. januar 2013.

For norske bankar vil krava i hovudsak ha verknad for bruken deira av rente- og valutaderivat. Ein stor del av bankane sine utlån blir i dag finansiert ved at bankane tek opp lån i framand valuta. Gjennom bruk av valuta- og rentederivat oppnår bankane ønskt løpetid på renta, og dei får bytt til valutaen dei treng finansiering i. Norske banker brukar i liten grad kreditderivat.

Krava i den nye reguleringa frå EU-kommisjonen kan delast i fire kategoriar:

- OTC-derivat som er eigna for det, skal gjerast opp gjennom ein sentral motpart. Kva derivat ein skal halde for å vere eigna, er ikkje fastsett enno, men eit viktig kriterium vil vere om dei er standardiserte (kontraktar med same eigenskapar). Ved bruk av ein sentral motpart blir kvar handel splitta i to, og den sentrale motparten blir seljar og kjøpar overfor høvesvis opphavleg kjøpar og seljar. Med eit slikt oppgjør vil aktørane ikkje lenger vere eksponerte mot kvarandre, men berre mot ein regulert og velkapitalisert sentral motpart.
- Det vil bli utarbeidt krav til OTC-derivat som ikkje blir gjorde opp gjennom ein sentral motpart. Dette kan for eksempel vere krav til kor mykje sikring aktørane må stille for eksponeringa dei påfører kvarandre (marginering), kva typar sikring som kan godtakast, og rutinar for å handtere risiko knytt til slike derivat.
- Det blir etablert felles reglar for sentrale motpartar. Med kravet om oppgjør i sentrale motpartar aukar verdien av at slike institusjonar har god risikostyring og god

evne til å bere tap. ESMA legg vekt på tilrådingar frå CPSS-IOSCO ved utforminga av felles reglar, men peikar på at tilrådingane til CPSS-IOSCO er globale, og opnar for at krava til europeiske sentrale motpartar vil bli strengare på nokre punkt.

- Aktørane vil bli forplikta til å registrere alle OTC-derivat i handelsregister. Heile eller delar av informasjonen blir gjort tilgjengeleg for styremakter, aktørane og ålmenta. Handelsregistra vil styrke den finansielle stabiliteten mellom anna ved at det blir lettare å overvake eksponeringane mellom aktørane.

Krava til bankane om kapitaldekning for eksponeringar knytte til OTC-derivat vil etter Basel III-reglane avhenge av om derivata blir gjorde opp bilateralt eller gjennom ein sentral motpart. Dersom oppgjaret skjer gjennom sentral motpart som tilfredsstiller tilrådingane frå CPSS-IOSCO, vil risikovekta for eksponeringa truleg bli langt lågare enn elles. Bankane vil derfor ha insentiv til å gjere opp i ein god sentral motpart.

Referansar

Berge, Tor Oddvar og Casper Christophersen (2011): «Operational problems in banks – Effects on the settlement of payments in Norges Bank», *Penger og Kreditt* 39, hefte 3 s. 30–41. Oslo: Noregs Bank

Betalingskortprosjektgruppa (2012): «Vurdering av tiltak i markedet for internasjonale betalingskort i Norge». Rapport fra ei prosjektgruppe med deltagarar frå Finanstilsynet, Konkurransetilsynet og Noregs Bank. Oslo: 31. januar 2012

CPSS (2001): *Core Principles for Systemically Important Payment Systems*. CPSS. Publications No 43, January 2001, Basel: BIS

CPSS/IOSCO (2001): *Recommendations for securities settlement systems*. CPSS Publications No 46, November 2001, Basel: BIS

CPSS-IOSCO (2002): *Assessment methodology for "Recommendations for Securities Settlement Systems"*. CPSS Publications No 51, November 2002, Basel: BIS

CPSS-IOSCO (2004): *Recommendations for Central Counterparties*. CPSS Publications No 64, November 2004, Basel: BIS

CPSS-IOSCO (2012): *Principles for financial market infrastructures*. CPSS Publications No 101, April 2012, Basel: BIS

ESB (2012): «Biannual information on euro banknote counterfeiting», Press release 16 January 2012, ECB

ESCB-CESR (2009): *Recommendations for securities settlement systems and recommendations for central counterparties in the European Union*, Frankfurt and Paris: ESCB and CESR

Finanstilsynet (2010): «Ny forskrift om krav til datasystem for medlemmer av Bankenes sikringsfond». Rundskriv nr. 15/2010. Oslo: Finanstilsynet

Finanstilsynet (2012): *Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) 2011. Finansforetakenes bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)*. Oslo: Finanstilsynet

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011a): «Samordning og styring av IKT-relaterte investeringer i staten». Rundskriv nr. P-11/2011. Oslo: Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011b): «Samfunnsøkonomisk analyse av å innføre elektronisk faktura (e-faktura) i staten». 8. desember 2011

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011c): «Samfunnsøkonomisk analyse: Innføring av elektronisk faktura i kommunal sektor». 17. november 2011

Gresvik og Haare (2009): «Costs in the Norwegian payment system», *Staff Memo* no. 4/2009. Oslo: Noregs Bank

Husevåg, Vigdis (2010): «TARGET2-Securities – billigere og sikrere verdipapiroppgjør i Europa?», *Penger og Kreditt* 38, hefte 1 s. 48–58. Oslo: Noregs Bank

Langbraaten, Nina (2012): «Nye betalingsmåter», artikkel som kjem i *Penger og Kreditt* 40. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2002): *Årsrapport om betalingssystem 2001*. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2007): *Årsrapport om betalingssystem 2006*. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2008): *Årsrapport om betalingssystem*
2007. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2010): «Det norske systemet for bankkrise-
løsninger – mulige forbedringer». Vedlegg til Norges
Banks brev til Finansdepartementet 29. november 2010.
Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2011a): «Høring – Banklokkommisjonens
utredning om ny finanslovgivning». Brev til Finans-
departementet 30. september 2011. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2011b): *Årsrapport om betalingssystem*
2010. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2012a): «Kvoter i systemet for styring av
bankense reserver». Rundskriv nr. 2/1. mars 2012. Oslo:
Noregs Bank

Noregs Bank (2012b): «Retningslinjer for pantsettelse av
verdipapirer og fondsandeler som sikkerhet for lån i
Norges Bank». Rundskriv nr. 1/8. februar 2012. Oslo:
Noregs Bank

Søvik, Ylva (2011): «Banktestamenter – krav om avvik-
lingsplaner for banker», *Penger og Kreditt* 39, hefte 3
s. 4–10. Oslo: Noregs Bank

VPS (2012): «T2S – Framework Agreement between the
Eurosystem and the CSDs». Brev til ECB 25. april
2012. Oslo: VPS

Tabellregister

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp.
Årsjennomsnitt (millionar kroner)

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

Tabell 6: Talet på avtalar

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)

Tabell 10a: Bruk av betalingeskort (millionar transaksjonar)

Tabell 10b: Bruk av terminalar (millionar transaksjonar)

Tabell 11: Overføringer over landegrensene registrerte i valutaregisteret (tusen transaksjonar)

Tabell 12: Bruk av betalingstenester (milliardar kroner)

Tabell 13: Debet- og kreditoverføringer (giro) (milliardar kroner)

Tabell 14a: Bruk av betalingeskort (milliardar kroner)

Tabell 14b: Bruk av terminalar (milliardar kroner)

Tabell 15: Overføringer over landegrensene registrerte i valutaregisteret (millionar kroner)

Interbank

Tabell 16: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjerssystem (transaksjonar)

Tabell 17: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjersystem (milliardar kroner)

Tabell 18: Tal på deltagarar i avreknings- og oppgjersystem (ved årsslutt)

Tabell 19: Deltaking i SWIFT

Tabell 20: SWIFT-meldingar til og frå utanlandske brukarar (tusen transaksjonar)

Prisar

Tabell 21: Personkundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år

Tabell 22: Føretakskundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar, betalingsmottak og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år

Tabell 23: Prisar på overføringer frå Noreg til land i EU/EØS-området. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Tabell 24: Prisar på mottak av beløp frå utlandet. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,51	4,53	4,56	4,58	4,61	4,65	4,69	4,75	4,81	4,87	4,93
BNP, marknadsverdi (milliardar kroner)	1 537	1 532	1 592	1 753	1 959	2 181	2 306	2 560	2 357	2 523	2 711
BNP Fastlands-Noreg, marknadsverdi (milliardar kroner)	1 180	1 225	1 273	1 366	1 465	1 603	1 757	1 863	1 876	1 985	2 088
Konsumet i hushalda (milliardar kroner)	641	670	710	757	798	853	911	958	979	1 038	1 074
Kurs mot USD (årgjennomsnitt)	8,99	7,97	7,08	6,74	6,45	6,42	5,86	5,64	6,28	6,05	5,61
Kurs mot Euro (årgjennomsnitt)	8,05	7,51	8,00	8,37	8,01	8,05	8,02	8,22	8,73	8,01	7,79

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Pengemengda (M2)	818 858	882 915	904 217	972 013	1 085 330	1 233 749	1 440 205	1 494 802	1 529 940	1 609 936	1 705 282
Betalingsmiddel i alt (M1)	384 630	399 712	427 689	472 058	552 246	679 503	760 448	736 491	744 260	788 613	825 188
Setlar og myntar	42 038	40 283	41 685	43 340	46 530	48 247	49 543	49 128	48 399	48 725	48 981
Innskot på transaksjonskonti	342 592	359 429	386 004	428 718	505 716	631 256	710 905	687 363	695 861	739 888	776 207
Andre innskot	370 171	409 704	407 457	423 184	435 483	473 108	559 351	657 162	693 888	731 271	780 195
Banksertifikat og lutar i pengemarknadsfond	64 057	73 499	69 072	76 771	97 601	81 138	120 406	101 149	91 792	90 052	99 899

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken, årgjennomsnitt	11 804	15 647	24 690	21 337	28 666	24 536	24 867	41 713	75 111	46 832	46 498
Bankane sine innskot til reserverente i sentralbanken, gjennomsnitt fra 3. oktober 2011	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	1 039
Innskot til sentralbanken (F-innskot), gjennomsnitt fra 3. oktober 2011	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	26 344
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån), årgjennomsnitt	13 356	538	2 978	18 788	14 694	34 411	46 670	67 515	66 242	72 759	32 351

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Års gjennomsnitt (millionar kroner)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Total	42 947	41 767	41 562	43 728	45 887	49 218	50 439	50 413	50 356	50 450	50 315
Setlar totalt	39 271	37 811	37 429	39 429	41 382	44 523	45 858	45 838	45 704	45 676	45 463
1000-kronesetlar	24 713	22 599	22 167	23 555	24 649	25 818	26 179	25 371	24 382	23 134	21 678
500-kronesetlar	6 921	7 626	7 732	8 278	9 060	10 374	11 213	11 882	12 722	13 623	14 542
200-kronesetlar	4 446	4 573	4 674	4 792	4 819	5 296	5 381	5 522	5 580	5 846	6 103
100-kronesetlar	2 464	2 270	2 091	2 012	2 021	2 119	2 121	2 083	2 029	2 062	2 099
50-kronesetlar	727	744	765	793	833	916	964	980	993	1 012	1 041
Myntar totalt	3 676	3 955	4 133	4 299	4 506	4 695	4 581	4 575	4 652	4 774	4 852
20-kronemyntar	1 124	1 387	1 561	1 667	1 778	1 849	1 665	1 541	1 556	1 599	1 629
10-kronemyntar	1 111	1 085	1 051	1 049	1 076	1 145	1 214	1 259	1 276	1 307	1 323
5-kronemyntar	497	505	515	538	563	598	630	654	664	674	679
1-kronemyntar	641	666	686	718	753	799	845	884	912	941	962
50-øremyntar	174	182	191	199	208	218	228	237	245	253	260
10-øremyntar	130	130	129	128	128	86	:	:	:	:	:

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på bankar	153	152	148	149	147	149	149	149	145	142
Sparebankar	129	129	127	126	124	123	121	118	113	111
Forretningsbankar	16	15	13	14	15	16	18	20	20	19
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg	8	8	8	9	8	10	10	11	12	12
E-pengeføretak	:	4	5	5	4	3	3	3	3	3

Tabell 6: Talet på avtalar

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Avtalar om nettbank	1 340 661	1 934 318	2 429 694	2 976 690	3 282 793	4 009 321	4 438 137	4 841 244	5 299 502	5 549 230	5 779 207
Avtalar om nettbank – personkundar	:	:	:	:	3 221 839	3 683 843	4 089 644	4 471 351	4 865 720	5 097 505	5 300 353
Avtalar om nettbank – företakskundar	:	:	:	:	60 954	325 478	348 493	369 893	433 782	451 725	478 854
Avtalar om å tilby eFaktura – företakskundar	:	:	:	:	:	330	460	532	648	770	945
Avtalar om mottak av eFaktura – personkundar	:	:	:	:	:	2 149 356	2 914 946	4 074 429	5 249 722	6 358 929	7 932 093
Avtalar om bedriftsterminalgiro	:	:	:	:	:	27 904	28 707	29 127	32 983	33 466	26 153
Avtalar om Brevgiro	2 361 031	1 787 462	1 707 428	1 540 768	1 453 825	1 189 770	1 152 349	906 957	810 818	759 995	723 867
Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro)	4 044 848	4 483 286	4 901 219	5 505 933	6 305 218	7 523 461	8 544 208	9 523 732	10 707 639	11 933 080	13 162 659
AvtaleGiro – betalingsmottakarar	6 473	6 883	7 194	7 905	8 761	9 554	10 373	11 135	11 945	12 619	13 130
Autogiro – betalingsmottakarar	1 200	1 265	1 232	1 187	1 243	1 441	1 350	1 170	1 342	716	708

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på utferda kort	6 081	6 395	6 931	7 616	7 872	9 187	9 908	10 629	11 644	12 190	12 345
Kort med chip	:	:	:	:	:	1 235	2 540	3 848	6 516	10 066	11 600
Kort med magnetstripe	:	:	:	:	:	7 953	7 368	6 781	5 127	2 124	745
Talet på funksjonar i utferda kort	10 075	10 575	11 322	12 298	12 449	14 169	15 335	16 772	17 837	19 015	19 480
Debetfunksjonar	7 991	8 212	8 600	9 326	9 107	10 138	10 519	11 899	11 789	12 968	13 564
BankAxept	4 287	4 362	4 527	4 985	4 894	5 537	5 569	6 218	6 057	6 620	6 897
Betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap	3 704	3 850	4 073	4 341	4 214	4 601	4 949	5 681	5 732	6 349	6 667
Faktureringsfunksjonar (betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap)	445	438	451	470	451	478	522	535	542	528	593
Kreditfunksjonar	1 638	1 925	2 271	2 502	2 891	3 553	4 294	4 338	5 506	5 519	5 322
Nasjonale kreditkort	630	681	646	535	546	548	647	625	629	642	662
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	1 008	1 244	1 624	1 967	2 345	3 005	3 647	3 713	4 877	4 877	4 660
Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort	73 832	82 294	93 456	94 386	96 591	100 021	109 821	119 953	122 359	125 684	130 397
Minibankar	2 144	2 188	2 217	2 180	2 184	2 250	2 272	2 283	2 253	2 193	2 194
Betalingsterminalar (EFTPOS)	71 688	80 106	91 239	92 206	94 407	97 771	107 549	117 670	120 106	123 491	128 203
Eigde av bankar	59 184	65 374	66 207	68 197	66 786	74 303	75 460	77 804	77 892	:	:
Eigde av andre	12 504	14 732	25 032	24 009	27 621	23 468	32 089	39 866	42 214	:	:
Talet på stader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort	49 328	52 705	59 100	63 976	73 242	78 656	85 490	94 708	96 152	97 722	100 758

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Totalt	848,3	960,4	1 039,3	1 144,9	1 235,5	1 341,0	1 476,3	1 602,6	1 699,8	1 835,6	1 975,4
Debet- og kreditoverføringer (giro)	397,5	440,5	442,8	465,6	480,4	489,3	510,7	526,6	540,0	561,9	573,9
Elektronisk ¹	268,1	331,3	348,9	384,3	411,8	437,4	462,3	483,9	503,6	533,5	550,0
Blankettbasert	129,3	109,3	93,9	81,3	68,6	51,9	48,4	42,7	36,5	28,4	23,9
Betalingskort (varekjøp)	448,0	517,8	595,0	678,1	754,2	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 401,4
Elektronisk	439,0	508,0	584,7	664,2	737,9	830,7	960,3	1 073,2	1 157,7	1 271,8	1 399,6
Manuelt	9,0	9,8	10,3	13,9	16,3	20,4	4,8	2,4	1,9	1,7	1,8
Sjekk	2,9	2,0	1,5	1,2	0,8	0,7	0,5	0,4	0,3	0,2	0,2

¹Tal for elektronisk giro i 2001 inkluderer ikke diverse kreditoverføringer, mellom anna faste oppdrag.

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Totalt	396,7	440,3	442,8	465,6	480,4	489,3	510,7	526,6	540,0	561,9	573,9
Kreditoverføringer¹	343,5	393,9	395,5	418,2	431,6	439,6	453,5	467,2	474,5	491,3	497,9
Elektroniske	234,5	299,9	314,8	348,5	371,9	395,6	412,7	430,5	443,6	467,1	477,1
Bedriftsterminalgiro	143,8	153,2	164,4	160,2	95,8	51,5	46,1	43,2	44,1	44,9	47,1
Nettbank	62,0	81,4	101,5	138,4	227,8	293,6	318,8	340,4	349,7	371,6	378,8
Nettbankløysingar for personkundar	62,0	:	91,6	112,0	131,8	144,0	154,2	171,2	205,4	220,2	230,4
Nettbankløysingar for føretakskundar	–	:	9,9	26,4	96,0	149,6	164,6	169,2	144,4	151,4	148,5
Telegiro	28,7	26,8	25,5	24,8	21,8	16,9	13,9	12,2	12,7	11,1	9,7
Andre elektroniske kreditoverføringer	:	38,5	23,4	25,1	26,4	33,6	33,8	34,7	37,1	39,5	41,5
Blankettbaserte	109,1	94,0	80,6	69,7	59,8	44,0	40,8	36,7	30,9	24,2	20,8
Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising	5,6	4,9	4,2	3,0	2,6	1,0	1,7	1,3	1,2	0,9	0,7
Brevgiro	74,4	61,7	52,1	44,6	38,0	32,6	29,0	26,1	23,8	19,9	17,7
Giro innleverte på ekspedisjonsstad – kontobelastningar	28,3	27,1	24,4	22,0	19,2	10,4	10,1	9,3	5,9	3,4	2,4
Diverse giro registrerte i bank ²	0,8	0,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Direkte debiteringar	33,6	31,3	34,1	35,8	39,9	41,8	49,6	53,4	59,9	66,4	72,8
Giro innleverte på ekspedisjonsstad – kontante innbetalingar	19,5	15,0	13,2	11,6	8,9	7,8	7,6	6,0	5,6	4,2	3,1

¹Tal for kreditoverføringer i 2001 omfattar ikke diverse kreditoverføringer, mellom anna faste oppdrag.

²Diverse giro registrert i bank omfattar både kontante innbetalingar og kontobelastningar.

Tabell 10a: Bruk av betalingskort (millionar transaksjonar)¹

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Bruk av norske kort totalt (i Noreg og utlandet)	563,6	631,1	704,7	786,6	862,2	957,6	1 070,7	1 182,0	1 259,7	1 368,8	1 492,9
Varekjøp	448,0	517,8	595,0	678,1	754,5	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 401,4
Varekjøp utan kontantuttak	323,8	385,2	456,8	533,6	618,5	769,1	887,4	1 002,4	1 088,5	1 208,3	1 340,8
Varekjøp med kontantuttak	124,2	132,6	138,2	144,6	135,9	81,9	77,7	73,2	71,1	65,2	60,6
